

KLAUS JOHAN MYRVOLL

## Uppbyggjngi av *Fagrskinna* B og sunnmørsættleggene

### Innleiding

Den handskrifti som hev vorte kjend som B-handskrifti av *Fagrskinna* (*Fsk* B), gjekk tapt i bybranden i København i 1728. Likevel fanst det gode avskrifter av handskrifti, og attåt hev me varveitt eit brotstykke av eit blad som hadde vorte teke ut or handskrifti fyre ho kom til København. Det er no i det norske Riksarkivet (NRA 51). Avskriftene gjer det klårt at handskrifti hadde fleire lakunar, mest av einskildblod og bladpar, men nokre stader var det fleire blad på rad som vanta. Um ein jamfører avskriftene av *Fsk* B og fragmentet med avskriftene av den andre *Fagrskinna*-handskrifti, A-handskrifti (*Fsk* A), som sameleis brann upp i 1728, kann ein rekonstruera umfanget av lakunane og heile oppbyggjngi av handskrifti i legg og blad. Finnur Jónsson gjorde ein slik rekonstruksjon i den tekstkritiske utgåva si av *Fagrskinna* frå 1902–03, men den er ikkje so sætande som ein kunde ynskt, og tek i mist på nokre heilt avgjerande punkt. Millom anna hevdar Finnur at genealogien til slutt i saga um Harald Hardråde, kalla “Arnmœðlinga tal” i handskrifti, ikkje

---

Myrvoll, K. J., Professor of Nordic linguistics, Department of Cultural Studies and Languages, University of Stavanger. “The structure of *Fagrskinna* B and the genealogies from Sunnmøre”. *ANF* 138 (2023), pp. 85–128.

**Abstract:** The manuscript known as *Fagrskinna* B was destroyed in the fire of Copenhagen in 1728. Its text has been preserved, however, in three academic transcripts from the late seventeenth century. The transcripts show that the manuscript had several lacunae, and some uncertainty about the location of these lacunae within the original manuscript has persisted. This article presents a new reconstruction of the quire structure of the manuscript and the placement of the lacunae, based on a comparison with transcripts of the sister manuscript *Fagrskinna* A, as well as the only surviving fragment of B, NRA 51. This reconstruction demonstrates that the genealogy called *Arnmœðlingatal* is complete in the transcripts. Moreover, the reconstruction reveals that the manuscript had a conspicuous blank space, spanning over one and a half page, which provides the key to understanding the connection between *Fagrskinna* B and some genealogies regarding families in Sunnmøre that Dr. Henrik Høyer (d. 1615/16) copied into AM 22 fol. at a time he had access to *Fagrskinna* B in Bergen.

**Keywords:** kings’ sagas, Old Norwegian manuscripts, codicology, genealogy, Norwegian aristocracy, *Fagrskinna*.

DOI: <https://doi.org/10.63420/anf.v138i.27952>

er fullstendig yverlevert, men endar i ein lakune. Det er òg uklårt hjå Finnur kva plass dei sokalla sunnmørssettleggene hev havt i handskrifti; Gustav Storm (1876) meinte at desse ættetavlonene i dr. Henrik Høyers samlehandskrift AM 22 fol. måtte skriva seg frå *Fsk B*. I denne artikkelen vil eg difor gjera ein ny rekonstruksjon av handskrifti og plasseringi av lakunane og syna at det er inkje som vantar i *Arnmœðlingatal*, og eg vil samstundes peika på ein bisneleg open plass i handskrifti som gjev lykelen til å skyna den plasseringi sunnmørssettleggene hadde i *Fsk B*.

## Stutt um handskriftene til *Fagrskinna*

Det kongesogeverket som vanleg vert vist til med namnet *Fagrskinna* (*Fsk*), er yverlevert i tvo versjonar, kalla A og B, der A-handskrifti er den som fyrst vart kalla *Fagrskinna*, av Tormod Torfæus (1636–1719) på grunn av den vakre innbindingi. Sidan hev namnet vorte yverført på sjølvve verket, men i handskriftene hev det andre titlar, “Ættartal Noregs konunga” (A) og “Noregs kononga tal” (B). I utgåvor av verket hev ein då supplert *Fagrskinna* med *Nóregs konunga tal* som ein slags undertittel. Det er soleis det serskilde namngjevingsmotive – den fagre handskrifti som Torfæus hadde til låns – som er grunnen til at det i dette høvet er den *eldste* handskrifti som hev fenge bokstaven B. *Fsk B* er burtimot hundrad år eldre enn *Fsk A*; etter vanleg meining var *Fsk B* skrivi um lag 1250, medan *Fsk A* skal vera “ikke [...] ældre end fra omkr. 1325–50” (*Fsk FJ*, VIII).

Båe handskriftene hamna etter kvart i København og gjekk tapte i bybranden der i 1728, men innan dess hadde båe vorte avskrivne fleire gonger, til dels i sers noggranne avskrifter, soleis at me meiner å ha etter måten god kjennskap til kva som stod i dei originale handskriftene. *Fsk A* finst i tri avskrifter, alle gjorde av Ásgeir Jónsson: AM 52 fol., AM 301 4to og AM 303 4to. Av desse er 303 rekna for å vera den beste og er nytta til å fylla ut lakunar i B-teksti i utgåva åt Finnur Jónsson (*Fsk FJ*). 301 viser nokso godt samsvar med 303, og båe legg vinn på å gjeva att den opphavlege rettskrivingi.<sup>1</sup> I 52, derimot, hev Ásgeir nytta si eigi islendske rettskriving (for alle detaljar sjå *Fsk FJ*, IX–X, og Jakobsen 1971). *Fsk B*,

<sup>1</sup> Munch og Unger, som la A-teksti til grunn for si utgåva, nytta ei handskrift som Rudolf Keyser kjøpte på Island i 1826 (*Fsk* 1847, XIV), som sidan hamna i Universitetsbiblioteket (UB Oslo 545 4to). Alfred Jakobsen (1971) hev synt at denne handskrifti er ei avskrift av 301.

som det skal handla mest um i denne artikkelen, vart sameleis avskrivi av Ásgeir Jónsson, truleg for Árni Magnússon, i ei handskrift som Rudolf Keyser kjøpte på Island i 1826 og som no er i Universitetsbiblioteket i Oslo (UB Oslo 371 fol.). Denne avskrifti er umhugsamt utførd og er av stort verde for kunnskapen vår um B-handskrifti. Millom anna hev Ásgeir lagt seg etter rettskrivingi i originalen, og han hev jamvel etterlikna bokstavformene der (*Fsk* FJ, VI). Det er denne avskrifti som er lagd til grunn for *Fsk* FJ og for lakunar og variantar i *Fsk* 1847. I tillegg er *Fsk* B avskrivi tvo gonger av same mann, og baa desse avskriftene er i Den arnamagnæanske samlingi: AM 51 fol. og AM 302 4to. Skrivaren hev Stefán Karlsson identifisert som Eyjólfur Björnsson, som var student i København i ari 1687–89 og sidan prest på Island. Eyjólfur skreiv av handskrifter for både Tormod Torfæus (som var bror at forstermor hans) og Árni Magnússon (Páll Eggert Ólason 1948, 451–52), men Alfred Jakobsen (1970b, 159–60) reknar med at avskriftene av *Fsk* B vart gjorde for Árni. Av *Fsk* B finst dessutan eit brotstykkje av eit einskilt blad som hadde vorte teke ut or handskrifti fyre ho hamna i København. Brotstykket vart funne ikring ein lensrekneskap frå Hardanger for 1627 og er no i det norske Riksarkivet (NRA 51). Dette fragmentet gjer dateringi av handskrifti til ca. 1250 rimeleg sikker (*Fsk* FJ, IV), men me kjem attende til dateringi i samband med spursmålet um kven som kann ha tinga handskrifti. I denne artikkelen kjem “*Fsk* B” til å visa til den tapte handskrifti, so langt som ho lèt seg rekonstruera på grunnlag av avskriftene 371, 51 og 302 og brotstykket NRA 51. Sameleis vil “*Fsk* A” visa til den rekonstruerte A-handskrifti, på grunnlag av 52, 301 og 303.

Det er vanleg meining at *Fsk* B hev den beste eller mest opphavlege teksti; det er heller ikkje uventande med tanke på alderen på dei tvo handskriftene. Derimot er *Fsk* A meir komplett yverlevert, og det var den umsyni som gjorde at P. A. Munch og C. R. Unger valde å leggja *Fsk* A til grunn for den fyrste utgåva av saga (*Fsk* 1847). Medan *Fsk* A berre hev vanta tvo bladpar (*Fsk* FJ, VIII), er det mange store lakunar i *Fsk* B. I utgåva si hev Finnur Jónsson fyllt ut desse lakunane med tekst frå *Fsk* A gjennom 303, og i innleidingi til utgåva gjer han greida for kvar han tenkjer seg at desse lakunane hev vore i handskrifti, d.e. nett kva blad og bladpar i dei ymse leggi som hev vanta då handskrifti vart avskrivi; etter alt å døma var desse lakunane der alt då ho kom til København i 1619 (Kålund 1900, X–XI). Eg vil i denne artikkelen analysera storleiken på desse lakunane å nyo, då det viser seg at Finnur ikkje kann ha rekna rett i alle stykke, og det fær fylgjor for kor mykje ekstra tekst *Fsk* B kann ha havt. Serskilt vil eg freista å svara på um dei sokalla sunnmørsattleggene i

AM 22 fol. er laga på grunnlag av eitt eller fleire ættetal som fanst i *Fsk B*, og sameleis vil eg avgjera um det ættetalet som er kalla “Arnmœðlinga tal” i handskrifti, hev vore lengre enn det me no hev i avskriftene av *Fsk B*.

## Genealogiane i *Fagrskinna*

*Fagrskinna* syner i det heile ei sterk interessa for norske stormannsætter. Det gjev seg utslag i at verket inneheld mange einskildupplýsingar um ætter og ættesamhengar forutan fleire heile ættetal eller genealogiar som alle kjem mot slutten av saga um Harald Hardråde og knyter seg til personar som då hev vorte introduserte i sjølve kongesogeteksti. Ofte er ættetali utstyrde med eigne yverskrifter, men ikkje alltid. Døme på det fyrstnemnde er “Vm ættartal Ænglanz kononga” og “Ættartala Dana kononga hæfr her”, medan eit ættetal yver Rein-ætti i B er utan slik yverskrift. Gjennom desse ættetali, men òg elles i teksti, gjev *Fsk* mange heilt nye genealogiske opplysningar i høve til fyreleggi for *Fsk*, m.a. *Ágrip* og *Morkinskinna* (jf. Indrebø 1917, Jakobsen 1970a, Myrvoll 2023). Døme på slike opplysningar er at jarlane i Normandie (“rudejarlane” etter byen *Rúða* = Rouen) var skylde møre- og orknøyjarlane, at Tjøtta-ætti var skyld sveakongane gjennom Ulvhild Håkonsdotter, sonedotter åt Finn Håreksson, og at ættfar åt Rein-ætti, Skule Kongsfostre frå England, var gift med Gudrun Nevsteinsdotter, systerdotter åt kong Harald Sigurdsson. Opplysningar av dette slaget finn me i båe handskriftene (*Fsk A* og *B*), og dei må ganga attende på originalen og ber bod um ei sterk genealogisk interessa hjå *Fsk*-forfattaren serskilt for ætter nordanfjells. Denne interessa hev ikkje vore nok påansa i litteraturen um *Fsk*. Eg hev i ein annan samanheng freista å visa at den genealogiske interessa åt *Fsk*-forfattaren kann vera med på både å tidfesta verket til perioden 1218–20 og å heimfesta forfattaren til Trøndelag eller Nordmøre. For denne dryftingi viser eg til Myrvoll 2023.

Nokre av ættetali er som nemnt serskilde for *Fsk B* og finst ikkje i A. Det gjeld ættetalet yver Rein-ætti, som er etterkomarane åt Skule Kongsfostre og Gudrun Nevsteinsdotter (fram til kong Inge Bårdsson), og ættetalet yver arnungeætti eller Giske-ætti, kalla i handskrifti for “Arnmœðlinga tal” etter ættfaren Arnmóðr jarl. Desse ættetali er heilt unike genealogiske kjeldor, som gjev ei heil mengd med opplysningar som berre finst her. Eit døme på det er fråsegn i Rein-ættetalet um at dronning Ingerid Sveinsdotter, enkja etter Olav Kyrre, vart uppattgift med Svein Brynjulvsson,

bror át Serk i Sogn, og vart mormors mor át Bård Guttormsson på Rein (*Fsk* FJ, 389).<sup>2</sup> I samsvar med vanlege tekstkritiske prinsipp hev det vore vanlegt å rekna med at dei tekstbolkane som er serskilde for anten *Fsk* A eller *Fsk* B, ikkje var med i den upphavlege *Fsk*-komposisjonen, men at dei er “innskot” i dei einskilde handskriftene eller i fyreleggi deira (soleis Storm 1876; *Fsk* FJ XII–XIII). Det gjeld i alt tri stykke i saga um Halvdan Svarte og Harald Hårfagre i *Fsk* A, som alle vitnar um ei viss interessa for lokale, sudaustnorske tradisjonar, prenta som kap. 2, 4 og 15–19 i Munch og Ungers utgåva (*Fsk* 1847, 1, 2–3, 10–12) og som tillegg I–III i utgåvone át Finnur Jónsson (*Fsk* FJ, 382–88) og Bjarni Einarsson (*ÍF* XXIX, 365–70), og det gjeld ættetali yver Rein- og Giske-ættene i *Fsk* B, prenta som tillegg IV–V i *Fsk* FJ (388–92) og *ÍF* XXIX (370–73), men inkorporerte i hovudteksti i *Fsk* 1847 (145–48), trass i at den utgåva hev *Fsk* A til tekstgrunnlag.

Gustav Storm gav i avhandlingi “Om Indskuddene i ‘Fagrskinna’” (1876) gode grunnar for at dei serstaka tekstbolkane i *Fsk* A ikkje kann ha høyrnt heime i verket frå byrjingi av. Millom anna kjem det drjuge stykket um Ragna Adildsdotter og Guttorm hertug i kap. 15–19 litt malplassert millom kapittel som er “ordret og i *Sammenhæng* afskrevne efter dens Kilde Ágrip” (Storm 1876, 82; hans utmerkjing), medan stykket um Halvdan Svartes daude og gravleggjing i kap. 4 kjem i staden for den stuttare utgreidingi um det same emnet i *Fsk* B, som òg er ordrett etter *Ágrip* (*loc. cit.*). Storm meinte dessutan at Rein-ættetalet og *Arnmœðlingatal* var innskot i *Fsk* B. Han hevda at dei høvde dåleg i ei kongesoga:

Disse Slægttavler passer meget daarligt i et Haandskrift af “Noregs Konungatal”, hvis Særkjende det netop er at holde sig til Kongerne *alene*, og de har en ganske enestaaende Karakter i de norske Kongesagaer overhovedet; men Hensigten med at indføre dem der kan ikke være tvivlsom. Meningen var aabenbart at fremhæve Arnungerne og da navnlig Arnungerne paa Giske (Paal Fliða og hans Søn Peter) og at knytte deres Slægt sammen med alle Tidens Aristokrater [...] (Storm 1876, 92; hans utmerkjing)

Storm gjeng her for langt i å avvisa ættetali på tekstinternt grunnlag, for det finst mange andre genealogiske “innskot” i *Fsk* som fører til at for-

<sup>2</sup> *Egils saga* (*ÍF* II, 103) nemner òg at det var skyldskap millom dronning Ingerid og Aurlands-ætti, men den genealogiske samanhengen er her heilt onnorleis: Det skal vera mor át Ingerid, ei viss Rannveig, som høyrer til ætti, og ikkje den andre mannen át Ingerid. Det verkar lite trulegt at dansk kongen Svein Estridsson skal ha havt ei frilla frå Sogn, so på dette punktet òg er *Fagrskinna* meir historisk truverdig. I *Egils saga* er dessutan den ætteremsa som fører fram til Ingerid, merkt av duplisering av namn og verkar av den grunnen òg lite truverdig: Tord på Aurland – Rannveig – Tord – Rannveig – Ingerid.

fattaren slepper tråden i framstillingi si av kongane. Eit godt døme finn me rett etter skildringi av slaget i Hjørungavåg:

Hacon iarl gat son þann er Æiríkr het. þa er hann var .xv. vætra gamall oc varð hann síðan iarll. þa er Hacon iarl com aftr i Noreg. cvangaðezk hann oc fecc Þoro dottor Skaga systr Tiðenda-Skofta. oc hann fecc Ingibiargar dottor Haconar iarls. Svæinn het sunr Haconar iarls oc Þoro. en Bergliot het dotter þæira er atte Æinar þamba skælvir. Sigurðar varo tvæir oc Ærlingr. oc Hæmingr. oc Erlendr varo synir Haconar iarls. Ðau Skofte oc Ingibiorg atto sun þann er Ormr het. hann var iarll. þaðan var comenn Erlingr iarll. Skofte var sva kær Hacone iarle at hann skyllði læggia skip sitt nest iarlsens skipi i hofnum [...] (*Fsk* FJ, 104)

Her er det berrsynt at *Fsk*-forfattaren hev vilja ha med desse genealogiske opplysningane, og at han hev prioritert det framfor å få til narrativ konsistens. Det same gjeld dei samanhangande ættetali som finst berre i A – B hev her lakune –, og som ingen hev sett spyrjeteikn ved, d.e. “ættartal Ænglanz kononga” og “Ættartala Dana kononga”, som fyller i same fylgd ei halv og ei heil sida i Finnur Jónssons utgåva (*Fsk* FJ, 296, 300–01) – desse ættetali bryt visseleg òg med den narrative tråden. Det tyder likevel ikkje at dei ikkje hev ein *funksjon*: Dei er medtekne for å syna kor høgætta skyldfolk dei norske stormennene hadde i utlandet – i Normandie, England, Danmark og Sverige –, ein skyldskap det kunde vera opportunt å visa til.

Kva so med dei ættetali som finst berre i *Fsk* B, Rein- og Giske-ættetali? Det hev vore vanleg praksis å skjota deim ut og prenta deim som “tillegg” jamvel i dei utgåvone av *Fsk* som hev B til hovudtekst, d.e. i utgåvone at Finnur Jónsson (*Fsk* FJ, 388–92) og Bjarni Einarsson (*ÍF* XXIX, 370–73). Dette er ein tvilsam praksis, og eg hev i ein annan samanheng (Myrvoll 2023, 109–17) argumentert for at det fyrste ættetalet som er serskilt for *Fsk* B, det for Rein-ætti, må ha høyrtil den opphavlege *Fsk*-kompilasjonen, både for skuld kronologien og innhaldet: Rein-ættetalet stoggar ved um lag same tid som dei andre historiske og genealogiske opplysningane i *Fsk*, d.e. ved 1215–20, og høyrer soleis til same kronologiske sjikt som teksti elles. Av større vekt er det likevel at *Fsk* måtte gjeva reint ørende fåe opplysningar um etterkomarane at Skule Kongsfostre dersom Rein-ættetalet skulde takast ut, og det gjev ikkje meining at *Fsk*-forfattaren, som elles syner so stor genealogisk interessa, skulde taka med færre opplysningar um Rein-ætti enn fyrelegget sitt på dette punktet, *Morkinskinna* (*Msk*), som fører ætti fram til kong Inge og Skule jarl. I den nemnde artikkelen ser eg dette i samanheng med ein hypotese eg set fram um at *Fsk* kom til på oppdrag frå den fremste representanten for Rein-ætti i

perioden 1217–40, Skule jarl Bårdsson (1189–1240). Dette er likevel ikkje avgjerande for det som er emnet her, som er oppbyggingi av *Fsk* B, for her høyrer i alle fall både Rein-ættetalet og *Arnmæðlingatal* heime. For alle detaljar um tilkoma av sjølv *Fagrskinna* viser eg til Myrvoll 2023.

I motsetnad til det som er tilfellet med Rein-ættetalet, synest *Arnmæðlingatal* å vera ein røyndleg interpolasjon i *Fagrskinna*, som skrivaren av B hev henta frå ei onnor kjelda enn det fyrelegget av *Fsk* som han naudsynleg må ha havt. Det er nemleg ein merkande kronologisk skilnad millom dei tidlegare ættetali i *Fsk*, serskilt “Ættartala Dana kononga” og Rein-ættetalet, og *Arnmæðlingatal*. Medan dei tvo fyrste stoggar, i same fylgd, ved 1216–22 (Jon Sverkerssons styringstid) og etter 1214 (Reidar sendemanns daude), er *Arnmæðlingatal* ført ein god del år lenger fram; Gustav Storm kom fram til at ættlinone der “stansar alle ved Tiden 1225–30” (Storm 1876, 89), og den konklusjonen kann eg stadfesta (Myrvoll 2023, 118). Her skal berre gjevast eitt døme: Medan Rein-ættetalet endar med kong Inge Bårdsson (d. 1217), utan at nokon av syskeni hans vert nemnde, fær me i *Arnmæðlingatal* ikkje berre vita namni på fleire av syskeni åt kong Inge, men òg opplysningar um borni åt broren Skule jarl, m.a. dotteri “M(argreta) drotning. er Hacon a” (*Fsk* FJ, 391<sup>5-6</sup>). Margret vart gift med Håkon Håkonsson i 1225, som då vert *terminus post quem* for *Arnmæðlingatal*. Derimot er ikkje Skules frilleson Peter nemnd, og difor set Storm 1230, kring den tidi Skule godkjende Peter som son og erving, som *terminus ante quem*. Det er òg andre tilhøve som styd denne dateringi til 1225–30, og eg viser til Storm og den tidlegare artikkelen min (Myrvoll 2023, 118). Der konkluderer eg med at det kronologiske fråstandet millom ættetali er so pass stort at det ikkje kann vera tilfellelegt, men må koma av skilnaden på opphavshandskrifti av *Fsk*, som eg daterer til 1218–20, og ei seinare utviding med *Arnmæðlingatal*, tidlegast i andre halvti av 1220-åri. Storm var inne på det same, men han talde Rein-ættetalet med til utvidingi i 1225–30, utan at han dryfte dette serskilt med tanke på den kronologiske skilnaden. Storm synest å ha gjenge ut frå at alt i *Fsk* B som ikkje samstundes finst i *Fsk* A, måtte vera interpolasjonar og *vice versa*. Eg reknar derimot med at alt til og med Rein-ættetalet er opphavlegt i *Fsk*, og at det er *Fsk* A som hev mist noko i dette tilfellet.

Storm tenkte seg at *Fsk* B vart laga for einkvan av Giske-ætti på Sunnmøre, anten Pål Flida, som er nemnd siste gong i 1223 (*Hákonar saga*, kap. 86), eller son hans, Peter, som var lendmann alt i 1221 (*Hákonar saga*, kap. 62) og døydd i 1254 (*Hákonar saga*, kap. 281), og at det var denne oppdragsgjevaren som vilde lyfta fram si eigi ætt, arnungeætti (Storm 1876, 93). Det er ein rimeleg hypotese, men Storms resonnement fyreset i


røyndi at det alt er noko i *Fsk* som *Armmæðlingatal* kann koplast på. Alle dei umfemnande ættetali i *Fsk* kjem i slutten av saga um Harald Hardråde: “ættartal Ænglanz kononga” (*Fsk* FJ, 296), “Ættartala Dana kononga” (*Fsk* FJ, 300–01) og Rein-ættetalet rett etter teksti på s. 302 der det vert fortalt um ættfaren Skule Kongsfostre at han kom frå England med Olav Kyrre etter slaget ved Stamford bru (men ættetalet er prenta på s. 388–92 i *Fsk* FJ). Med andre ord: Ein treng Skule Kongsfostre for å kopla på Rein-ætti, og ein treng Rein-ætti for å kopla på Giske-ætti. Bindelekkjen i det siste tilfellet er Tora Skoftesdotter av Giske, gift med Åsulv Skulesson på Rein, som var langgodmor åt kong Inge og hertug Skule. Det er mest rimelegt at dette hev balla på seg i fleire umgangar: Fyrst hev Skule Kongsfostre fenge ein framskoten posisjon på denne staden i saga i *Morkinskinna*, på grunn av opphavet hans i England og at han vart med Olav Kyrre heim til Noreg i 1066 og fekk viktuge etterkomarar. So hev *Fsk*-forfattaren gripe tak i dette, supplert med nye opplysningar um kona åt Skule, Gudrun Nevsteinsdotter, og utbrodert ytterlegare um etterkomarane deira, Rein-ætti. Endeleg hev einkvan som hev skrive av *Fsk* for arnungane på Giske (*Fsk* B), teke det eit hakk lenger og lagt til det svært umfemnande *Armmæðlingatal*; medan både “Ættartala Dana kononga” og Rein-ættetalet fyller um lag éi sida i Finnur Jónssons utgåva (*Fsk* FJ, 300–01 og 388–89), er *Armmæðlingatal* på heile tri sidor (s. 389–92). Ei viss stadfesting på dette fær me i den kjensgjerningi at *Armmæðlingatal* er endå veikare integrert i kongesogeteksti enn dei hine ættetali; det er utstyrt med ei yverskrift som varslar ei ny byrjing, “Her hæfr Armmæðlinga tal” (*Fsk* FJ, 389<sup>12</sup>), og det ei byrjing av det mytiske slaget: “(M)aðr het Finnviðr fundinn. hann var fundinn i arareiðri. oc vafðr i silkireifum. oc vitu menn eigi ætt hans. fra hanum er comen ætt su. er callað er Arnunga ætt” (*Fsk* FJ, 389<sup>13–16</sup>). Eg hev difor tenkt meg (Myrvoll 2023, 119) at *Armmæðlingatal* hev vore utforma som ei sjølvstendig tekst fyre ho vart innlema i *Fsk* B. Det kann òg tyda ut dei avskriftsfeilane som finst i *Armmæðlingatal* (sjå Storm 1876, 89; Hagland 1980, 155–56), utan at ein tarv rekna med ei millomhandskrift laga for arnungane på Giske ca. 1225–30, som både Storm (1876, 93) og Hagland (1980, 133) gjer: *Armmæðlingatal* kann ha vore skrive ein gong millom 1225 og 1230, men fyrst vorte innlema i *Fsk* med skrivingi av *Fsk* B i 1250-åri. Me skal etter kvart sjå koss denne innplasseringi gjev meining ut frå ei nærare gransking av den kodikologiske oppbyggingi av *Fsk* B, men fyrst lyt me taka upp sunnmørsættleggene til nærare dryfting. Um dei opphavleg høyrde heime i *Fsk* B, fær det store fylgjor for rekonstruksjonen av tilkoma av *Fsk* B.



## Henrik Høyer og sunnmørsættleggene

Det hev vore vanleg meining at *Arnmæðlingatal* endar i ein lakune i *Fsk B*; både Storm (1876, 89) og Finnur Jónsson gjeng ut frá det (*Fsk FJ*, 392, note). I Ásgeir Jónssons avskrift i UB Oslo 371 fol. endar ættetalet eit stykke ned på fol. 80v, med Ragna Erlingsdotter, gift med Bjarne Mordsson, og resten av sida, um lag tvo tridjepartar, stend blank, utan nokon kommentar (sjå ill. 1). Kongesogeteksti held so fram øvst på fol. 81r. Avskriftene av Eyjólfur Björnsson fylgjer ein dilik praksis: I AM 302 4to endar *Arnmæðlingatal* eit stykke ned på fol. 123r, og resten av sida – um lag ein femtepart – er etterlaten blank, utan nokon kommentar. Kongesogeteksti held so fram øvst på fol. 123v. I AM 51 fol. strekkjer *Arnmæðlingatal* seg fem linor ned på fol. 71v, fylgt av eit operom tilsvarende 7 linor, fyre kongesogeteksti held fram på resten av sida. Ingi av handskriftene gjev nokon forklárande kommentar.

Det kann synast fáfengt á rekonstruera kva som hev gjenge fyre seg i originalhandskrifti med dette utgangspunktet, men med ein systematisk,




Ill. 1. Slutten av *Arnmæðlingatal* i UB Oslo 371 fol. (fol. 80v), Ásgeir Jónssons avskrift av *Fagrskinna B*. Kongesogeteksti held fram på neste sida. Kva er bakgrunnen for det store operomet?

vitskapleg framgangsmåte er det ikkje so. Det finst nemleg ei indirekte kjelda til denne delen av *Fsk B*, som Storm (1876) fyrst drog fram. Det er ei samlehandskrift frå ca. 1600–15 i Den arnamagnæanske samlingi, AM 22 fol., tidlegare kalla “*Varia Adversaria Hvitfeldiana*” av di nokre stykke i henne er knytte til historikaren Arild Huitfeldt (1546–1609). AM 22 fol. inneheld ei mengd ættetavlor yver nordiske og engelske kongar og nokre norske stormannsætter, og ein del av dette hev heilt klårt opphav i *Fsk B*, på eit tidspunkt då handskrifti var meir komplett enn ho var då Ásgeir Jónsson og Eyjólfur Björnsson gjorde avskriftene sine mot slutten av same hundradåret. Det ser ein av at både danekonge- og Rein-ættetali er refererte fullstendig her (fol. 79v–80r), medan desse er (delvis) innanfor ein lakune i *Fsk B* slik ho er yverlevert i avskriftene; Rein-ættetalet byrjar der med sønene åt Eldrid Bjarnesdotter og Tore Skinnfeld (sjå *Fsk FJ*, 388; *ÍF XXIX*, 370). *Arnmæðlingatal* er dessutan nytta i AM 22 fol. og endar der òg i den eine ættlina (fol. 79r) som i *Fsk B* med Ragna, gift med Bjarne Mordsson. Det er i og for seg ein høveleg slutt på ættetalet; ein hev då kome “rundt” og talt upp etterkomarane av arnungane på Giske i alle greiner. Likevel hev det som nemnt vore vanlegt å hevda at Giske-ættetalet enda i ein lakune i *Fsk B*; meir um det sidan.

På ein annan stad i AM 22 fol. (fol. 104r–106v) er det med same hand ført inn “af en gammel ætleg” nokre ættetavlor yver sunnmørsætter, som Storm hevda at “ved nærmere Eftersyn viser sig at være laante fra samme Codex” (Storm 1876, 93). Det er desse tavlone eg umtalar som “sunnmørsættleggene”. Dei er attgjevne hjå Storm, litt ulagleg, av di han hev stokka um på rekkjefylgdi etter innhaldet, og fyre honom av P. A. Munch (1839) og Nicolay Nicolaysen (1863), “uden at disse Forskere har været opmerkssomme paa, hvor Stamtavlerne hørte hjemme” (*loc.cit.*):

Sammenligner man, hvorledes den samme Skriver har optegnet Arnmød-linge-Slæggtavlen og de andre Søndmørs-ætter – med vxlende danske og oldnorske Former –, falder det strax i Øinene, at til Grund for begge ligger et oldnorsk Skrift fra 13de Aarhundrede (se f. Ex. Formerne Rafn, Lid, Karlshafud, Øistein o.s.v.), og alle Dialektegenheder falder sammen i begge (f. Ex. Acc. Brynilde, Joronne, Nom. Sigrid, Ragnild uden h o.s.v.). Det vil derfor let lade sig gjøre at restituere den oldnorske Text ogsaa for Slægttavlerne. (Storm 1876, 93)

Det er sterke argument Storm her fører til torgs, og det er god grunn til å tru at desse ættleggene opphavleg høyrde heime i den same handskrifti som mange av dei andre genealogiane som er attgjevne i AM 22 fol., d.e. i *Fsk B*. Eit reint historisk resonnement kann styrkja dette: Gustav Storm nemner ikkje i 1876 kven som hev gjort avskriftene i AM 22 fol., men i ein




Ill. 2. Framsida av fragmentet av *Fagrskinna B* i NRA 51. Nedst til vinstre ser me signaturen åt ein viss Jens Christensen i lag med årstalet 1617, ein mogleg kandidat til den som skamfór handskrifti etter Henrik Høyers daude i 1615/16.

artikkel frå 1885 hev han tydeleg identifisert honom som lækjaren Henrik Høyer (d. 1615/16) i Bergen når han skriv at “Fagrskinna B kjendtes og benyttedes c. 1599 af Peder Claussøn ved hans Sagaoversættelse og c. 1610 af Henrik Høyer i Bergen til hans historiske Excerpter” (Storm 1885, 327).<sup>3</sup> Her hev Storm ei tilvising til sitt eige arbeid frå 1876, men Høyer er ikkje nemnd på den staden det vert vist til. Storm meiner at *Fsk B* hev vore i Bergen på Høyers tid og enno so seint som i 1627 då eit blad frå handskrifti vart nytta til å binda inn futerekneskarar frå Hardanger (det seinare NRA 51); “først ved Midten af 17de Aarhundrede er Manuskriftet naaet til København” (*loc.cit.*). Her kann Finnur Jónsson korrigerera honom, med di Kristian Kålund (1900, XI) hev kunna identifisera *Fsk B* med den “Kong Haldans Historiebog” som var millom dei bøkene etter Henrik Høyer som kom til Det kongelige Bibliotek i 1619 (*Fsk FJ*, IV). Bladet som vart skore upp og lagt ikring futerekneskapen i 1627, må soleis ha vore på vidvanke ei stund, noko som slett ikkje er umogelegt. Det kunde høva at den “Jens Christensen” som hev skrive namnet sitt og årstalet “1617” på brotstykket, hev vore den som hev teke det ut

<sup>3</sup> Det er ikkje serskilt trulegt at Peder Claussøn (Friis) hev havt *Fsk B* til låns. Jon Gunnar Jørgensen (1993) hev argumentert for at Peder Claussøn bygde på utdrag frå m.a. *Fsk B* som skreiv seg frå læremeisteren hans, Jon Simonsson (1512–1575); det er òg marginalnotisar med Jon Simonssons hand på NRA 51. Desse utdragi laga Jon truleg i Bergens-tidi si i 1530-åri på oppdrag frå dansken Christiern Pedersen. Det peikar i so fall på at *Fsk B* hev vore i Bergen på 1500-talet og fram til handskrifti hamna i København i 1619.

or handskrifti, etter at Høyér var avliden i 1615/16 (sjå ill. 2). Me fær ein ymt um koss vedkomande hev gjenge fram i ein merknad med Árni Magnússons hand i AM 51 fol. på den staden der lakunen som femner um



Ill. 3. Fyrste sida av “af en gammel ætleg” i AM 22 fol., fol. 104r, med dei tavlane Gustav Storm (1876) nummererte I (øvtst), V (midten) og IV (nedst til høgre). Um lag midt på sida, til høgre, ser me namnet “Gudrid i Giska”, som er eitt av argumenti for å knyta ættleggene til Giske-ætti og med di til Fagrskinna B.

bladet i NRA 51, byrjar (fol. 70r): “Abscissa sunt 4 folia quorum vestigia membrana offendit”, d.e. ‘burtskorne er fire blad; spor etter deim finst i membranen’. Med andre ord hev einkvan *skore* ut fire blad på denne staden, medrekna det fragmentet som me no hev i NRA 51; det ser ein elles av skorten på vinstremarg på framsida av fragmentet (og tilsvarende skorten på høgremarg på baksida, sjå ill. 2 og 6).

I alle fall: Um det var Henrik Høyer som sette upp ættetavlane i AM 22 fol., og han samstundes hadde *Fsk* B fyre handskrifti kom til København, er det rimelegt at det kann vera ein samanheng, og at Høyer henta sunnmørsættleggene frå *Fsk* B. Dette vert òg berrsynt når ein ser nærare på sjølve ættleggene: Dei nemner personar som òg er med i *Arnmæðlingatal* eller som heilt klårt knyter seg til personar som er nemnde der. Det gjeld den “Gudrid i Giska” som er sentralt plassert på fol. 104r, som truleg hev vore gift med Pål Flida (nemnd i *Arnmæðlingatal*; *Fsk* FJ, 391<sup>8</sup>) eller kann henda heller med son hans, Peter i Giske (sjå ill. 3). Av ei tavla på neste sida (fol. 104v) gjeng det fram at Gudrids farmors bror hev vore gift med ein brødrung av “Øisten archiep”, d.e. erkebiskop Øystein Erlendsson (d. 1188), som òg er med i *Arnmæðlingatal* (*Fsk* FJ, 391<sup>16</sup>), der rett nok i ein annan samanheng. På ei tavla på neste sida etter det att (fol. 105r) gjeng det fram at Pål Skoftesson, som i *Arnmæðlingatal* berre er nemnd med sonen Nikolas Kuvung (*Fsk* FJ, 391<sup>7</sup>), òg hadde døtterne Sigrid og Ingebjørg, som bae var gifte med lokale menn på Sunnmøre, Sigrid med ein “Gudmunder á Stadeimi”, d.e. Stadheim i Sunnylvn, og Ingebjørg med ein “Kolbiørn grebstad”, d.e. Grefstad i Sykkylvn. Ingebjørg skal so ha vore uppattgift med “Guttorm á Reini faderfader Skula hertugs”, men det høver ikkje med opplysningane i Rein-ættetalet i *Fsk*.

No er desse personane nemnde i ei onnor tavla òg (på fol. 106r), til dels med dei same formuleringane, og av samanhengen der gjeng det fram koss mistydingi hev kome upp. Storm rekonstruerer den gamalnorske teksti soleis: “Kolbiørn á Greipstaðe átte Ingibiorg dottor Páls a (*sic*) Aurum ok Sigriðar Þorkelsdottur (*sic*) á Fogl, hana átte siðar Guðormr á Reini faðurfaðer Skula hertoga” (Storm 1876, 94, jf. s. 105); ved *hana* er det vist til det sistnemnde kvendet, Sigrid Torkjellsdotter, og ikkje som tavleskrivaren hev tenkt ca. 1610, til dotter hennar, Ingebjørg. Då vert det samsvar med Rein-ættetalet, der me les at “Guðormr a Reini atte siðar Sigriði dottor Þorkæls oc Hallkatlu” (*Fsk* FJ, 389<sup>5-6</sup>). Det gjev oss den forvitnelege opplysningi at det hev vore mågskap millom Giske- og

Rein-ættene på denne tidi.<sup>4</sup> Me fær òg vita at Pål Skoftesson budde “á Aurum”, d.e. på Aure i Sykkylven, berre eit steinkast undan Grefstad, dit dotteri vart gift.

Det er ingen tvil um at sunnmørsættleggene kann ha havt ein utfyllande funksjon i høve til dei opplysningane som kjem fram i Rein- og Giske-ættetali i *Fsk B*; me finn fleire av dei same personane, men med nye opplysningar. Den språklege datering til 1200-talet peikar i same leid. Likevel er det klårt at sunnmørsættleggene er av eit litt anna slag enn ættetali i *Fsk B*. For det fyrste er det ein skilnad at sunnmørsættleggene ikkje er samla um etterkomarane åt éin person, som i danekonge- og Rein-ættetali, der det heile vegen sviv um etterkomarane åt Godvin jarl i ulike linor, og i *Arnmæðlingatal*, som tel upp etterkomarane åt den mytiske Finnvid Funnen; sunnmørsættleggene gjev att eit laust nettverk av ætter, som ikkje alle hev vore skylde kvarandre. Difor er det òg rett å umtala deim som ei samling *ættlegger* og ikkje eit samla *ættetal*. For det andre er det ikkje berre dei reine ættesamanhengane som interesserer skrivaren av sunnmørsættleggene, men snarare dei eigedomane som desse ættene hev sete med. Det er soleis i mest kvar einaste tavla nemnt at den og den ættfaren åtte dei og dei gardane. Endeleg er det so at sunnmørsættleggene hev ein mykje større lokal konsentrasjon um Sunnmøre enn det *Arnmæðlingatal* hev. Der *Arnmæðlingatal* hev eit nasjonalt siktemål – å syna koss dei norske stormennene og kongane var knytte saman gjenom ætteband til Giske –, synest sunnmørsættleggene å ha havt eit meir lokalt fyremål, det er å dokumentera eigedomsretten til dei mange gardane på Sunnmøre som er nemnde der (jf. Kvalsund 1957, 194–95, for ei slik tolking). Dette må òg sjåast i ljøs av konteksten dei stod i: Etter at *Arnmæðlingatal* hadde

<sup>4</sup> I teorien kunde Nikolas Kuvung og Bård Guttormsson med dette ha vore sammødre halvbror, um bae hadde Sigrid Torkjellsdotter til mor. At Bård var son av Sigrid, gjeng indirekte fram av *Arnmæðlingatal*, og han hev òg ei dotter med namnet *Sigrid*. Derimot ligg det nærare å rekna Nikolas som son av den Ragnhild, “dýrlig kona”, som er nemnd som kona åt Pål Skoftesson i *Morkinskinna* (*Msk FJ*, 447), slik òg P. A. Munch (1855, 806–07) rekna med, mest av di Nikolas hadde ei dotter som heitte *Ragnhild* (nemnd i *Arnmæðlingatal*; *Fsk FJ*, 391<sup>8</sup>). Etter framstillingi i *Msk* skal Einarr Skúlason ha dikta ei lausavisa um denne Ragnhild, men det gjeng ikkje fram av sjølve strofa, og det er òg ein viss diskrepans millom prosaen og strofa (jf. *SkP II*, 573–74). Dette skal ha vore i kong Øystein Haraldssons styringstid, som var 1142–57. Det høver tolleg godt med at Nikolas Kuvung er nemnd fyrste gong som lendmann i 1170-åri og livde til 1217; han er då helst ikkje fødd mykje tidlegare enn 1140 (jf. Munch, *loc.cit.*); son hans, Pål Flida, vert umtala som berre barnet i 1181 (*Sverris saga*, 56). Bård Guttormsson kann på si sida ikkje vera fødd mykje seinare enn 1150. Med andre ord må Ragnhild ha døytt tidleg i 1140-åri ein gong, og so hev Pål Skoftesson gift seg upp att med Sigrid Torkjellsdotter og rokke å få tvo døtter med henne fyre han sjølv døydde, truleg sist i 1140-åri, og Sigrid vart gift upp att med Guttorm Ásulvsson og vart mor til Bård Guttormsson um lag 1150.

vist tilknytingi Giske-ætti hadde til stormenn og kongar i samtdi, var turen komen til ættetilhøve og gardar på Sunnmøre, der Giske-mennene trass i alt hadde den viktugaste maktbasen sin. På denne måten kann ein segja at dei mange ættetali i slutten av saga um Harald Hardråde i *Fsk* fær eit stendigt meir lokalt fokus, frå den internasjonale utsyni i “ættartal Ænglanz kononga” og “Ættartala Dana kononga”, via dei meir nasjonalt forankra Rein- og Giske-ættetali til dei mest lokale sunnmørsættleggene.

## Sunnmørsættleggene som dokumentasjon av eigedomsinteressor

Når ein granskar tilhøvi nærare, er det liten tvil um at det er ein samanheng millom dei gardane som er nemnde i sunnmørsættleggene, og det godset som Giske-ætti seinare åtte. For å kunna visa dette i detalj hev eg gjort ei so fullstendig identifisering som råd er av gardane som er nemnde i ættleggene, og av kven som åtte desse gardane i etterreformatorkisk tid eller jamvel i millomalderen. Det er fyrst kring midten av 1600-talet, med skattematrikkelen 1647, at me fær god yversyn yver eigedomstilhøvi i Noreg. Me veit at det hev hendt forflytjingar av eigedomsmassen i tidi fyre det, m.a. sume store godstransaksjonar i dei fyrste tiåri av 1600-talet, der serskilt adelsgods vart til borgargods, som so kunde verta bondegods (jf. Weidling 2003). Samstundes veit me at kjernen i Giske-godset hev røter attende til millomalderen, og det finst òg eldre materiale i form av jordebøker og skattelistor frå fyre 1647 som me kann jamføra med. Serskilt ei rekkja med jordebøker frå 1624–26 inneheld verdfull informasjon um både adelsgodset og odelsgodset (bondegodset). Dessutan finst det eigne yversyner yver Giske-godset frå 1563 og 1582 (sjå fotnote 7 for detaljar).

Eg hev i tab. 1 arbeidt meg attyver, frå opplysningane i skattematrikkelen 1647 (og 1651 for Sunnmøre) og attende til 1624–26 og endå lenger attende der det hev vore mogelegt. Dei gardane som eksplisitt er nemnde som eigedomsobjekt i sunnmørsættleggene, t.d. når det heiter at ættfaren i den fyrste ættleggen, “Ketil Mollu”, “atte vinreid z helgeim thil odels z eigu” (fol. 104r), er merkte med stjerna etter ættleggsnummeret.

Tab. 1. Gardar som er nemnde i sunnmørsættleggene, med eigaruppgåvor frå 1600-talet og fyrr.

Ættlegg nr. <sup>5</sup>	Namneform i AM 22 fol.	Identifikasjon (gardsnamn, herad, gardsnr., skipreida) <sup>6</sup>	Eigaruppgåvor <sup>7</sup>	Eldste eigarskap
I*	vinreid	Vereide, Gloppen 58–59	1647: odelsbønder, 3 laupar smør; 1626: “Bunde Odell”, 2 laupar smør, 1 hud, 1 tunna korn	Bonde-gods
I*	helgeim	Helgheim, no del av Hopland, Gloppen 50 / Innvik 85 <sup>8</sup>	<b>Hopland:</b> 1647: 6 laupar smør, 1 ku, 2 tunnor havre; av dette eig odelsbønder 3 laupar 1 pund smør, 1 tunna havre; prestebordet 1 ½ laup smør, 1 ku; Vereide-kyrkja 1 laup ½ pund smør, 1 tunna havre; 1626: 3 rd. pengar, 6 ½ laupar smør, 2 tunnor korn; av dette eig prestebordet 3 rd. pengar, 1 ½ laup smør; kyrkja 1 laup ½ pund, 1 tunna korn; resten er bondeodel; <i>NKJ</i> III, 99: Vereide-kyrkja eig 1 tunna havre og ½ laup smør i Hopland; s. 101: prestebordet i Gloppen eig 3 mælar korn, 1 laup smør og 1 ku i Hopland; <i>BK</i> , 56: sira Simon gav 2 ½ mmb. i Helgheim til presten på Vereide; s. 60: herr Gunnar gav 3 mmb. til presten på Gjemmestad	Bonde-, preste-bords- og kyrkje-gods

<sup>5</sup> Her fylgjer eg Storms nummerering.

<sup>6</sup> Heradsinndelingi og gardsnummeri fylgjer *Norske Gaardnavne* (NG). For tidlegare identifiseringar av gardane sjå Munch 1839, 192–94; Nicolaysen 1863; Gidske 1913, 109–19; Rogne 1928, 148–56; Kvalsund 1957, 208–34; og Larsen og Sulebust (red.) 1994, 523–24. Ikkje alle desse er like sætande, og i nokre tilfelle legg eg fram heilt nye identifiseringar av gardane her, og nokre for usikre framlegg ser eg burt frå.

<sup>7</sup> Uppgåvone som stend etter årstal, er henta frå desse kjeldone: 1563: Gørvel Fadersdotters rekneskapsbok (Sandberg (utg.) 1986); 1582: Gørvel Fadersdotters skøytebrev til kongen (prenta i *NRR* II, 452–57); 1624 og 1625: adelsjordebøker (i NRA, Stattholderembetet 1572–1772, D IX, pk. 7, nr. II (1625, for Gunde Lange), III 1 (1624, for Claus Brockenhuus) og XVI 1–2 (1624, for ervingane etter Jacob, Sophia og Anne Rosenkrantz); 1626: Jordebok for Sunnmøre (i NRA, Stattholderembetet 1572–1771, D IX, pk. 5, Jordebøker 1624–1626 til utlikning av garnisonsskatt, Jordebøker for Bergenhus len); 1647: skattemanntal for Nordfjord (prenta i *Skem* 1647 SoF), skattelistor for Giske len (prenta i *Skem* 1647 MoR), skattemanntal for Gudbrandsdalen (prenta i *Skem* 1647 Oppl); 1651: skattemanntal for Sunnmøre (prenta i *Skem* 1647 MoR). Alle oppgåvone gjeld heile namnegardar.

<sup>8</sup> Asgaut Steinnes (1971) skriv serskilt um dei tri fyrste ættleggene, og den retrospektive metoden hans er på mange måtar ein inspirasjon for denne artikkelen. Likevel lyt eg skilja lag med Steinnes på visse punkt. Det gjeld m.a. i identifiseringi av garden Helgheim. Steinnes (1971, 24, 29) hevdar at Helgheim i ættleggen er Helgheim på Jølster, som var i eiga åt Gunde Lange i 1625. Det høver minder godt med opplysningane i ættleggen um at “Ketil Mollu”, som “ligger i vinreid”, “atte vinreid z helgeim thil odels z eigu”, som skulde peika på at Helgheim låg heller nære Vereide. Dessutan er Helgheim i Gloppen/



Ættlegg nr. <sup>5</sup>	Namneform i AM 22 fol.	Identifikasjon (gardsnamn, herad, gardsnr., skipreida) <sup>6</sup>	Eigaruppgávur <sup>7</sup>	Eldste eigarskap
I	ij Todarfyrde (seinare tillegg: "langt i Nordalen nu Taafjord")	Tafjorden, Norddal 37, Dale skipreida	1651, 1626: Giske-gods, 4 våger fisk; 1582: "Toffiord", 2 ½ våg fisk; 1563: "Toufiørd", 1 kyrlag, bygsla for 2 ½ våg fisk	Giske-gods
I	a orvaberge	Årberg, Gaular 56, Dale skipreida (i Sunnfjord)	1647: "De velb. Rosenkr[antzer]", 2 ½ laup smør; Sande kyrkja, ½ laup; 1626: Rosenkr[antz], 3 laupar; 1624: Jacob Rosenkrantz, 2 ½ laup	Adels- og kyrkje-gods
I-III*	tiorin(n), Torin	Terøyna, Borgund 178, Gryta skipreida	1647, 1626: Giske-gods, 1 våg fisk; 1582, 1563: "Thierøen(n)", 1 våg fisk	Giske-gods
I	i husabö	Husabø, Leikanger 12, Systrand skipreida (i Sogn)	1647: Mette sal. Niels Pedersens, 12 laupar smør, 12 huder og 6 tunnor 8 mælar korn; apostelgods, 2 laupar smør; 1625: Gunde Lange, 12 laupar smør, 12 huder og 6 tunnor 8 mælar korn; 1626: apostelgods, 1 laup smør, 1 hud, 8 mælar korn	Adels- og apostel-gods
I, III	i Giska, af Giska	Giske, Borgund 127	1582: Giske-gods, 10 våger fisk	Giske-gods
II, III	á Landum	Lande, Ørskog 26 (Øverlande) og 27 (Nerlande), Valle skipreida	<b>Øverlande:</b> 1651, 1626: bondegods, 1 ½ våg 18 merker fisk; <b>Nerlande:</b> 1651: presten på Ørskog, 3 våger; bondegods, 1 ½ våg fisk; 1626: "Kierke godtz", 4 ½ våg ½ pund 6 merker fisk	Bonde- og preste-bordsgods
II*	Rællingiu	Rellingen, Norddal 53, Dale skipreida	1651, 1626: apostelgods, 4 våger fisk	Apostel-gods

Innvik ein mykje større gard enn Helgheim på Jølster, "ein av dei største i Nordfjord", skriv bygdebokforfattaren Jacob Aaland (1932, 250). Aaland meiner soleis òg at Helgheim i ættleggen ikkje kann vera Helgheim på Jølster (*op.cit.*, 251). Han syner at den garden som i dag er Hopland i Innvik, er ihopvaksen av tvo namnegardar, Helgheim og Hopland, og at Helgheim, no Utitun, låg til Gloppen, medan Hofslund (eldre namneform), no Innitun, låg til Innvik (Aaland 1932, 250–51). Han meiner dessutan at det er den luten av Hopland som kyrkja på Vereide og prestebordet åtte i tidleg nytid, som er det gamle Helgheim. Det høver heilt fint med storleiken på skyldpartane. Identifikasjonen av Helgheim i ættleggen med Helgheim på Jølster fører elles Steinnes inn i ei rekkja av mildt sagt usannsynlege konstruksjonar (1971, 29–20), som eg ikkje skal koma nærare inn på her.

Ættlegg nr. <sup>5</sup>	Namneform i AM 22 fol.	Identifikasjon (gardsnamn, herad, gardsnr., skipreida) <sup>6</sup>	Eigaruppgåvor <sup>7</sup>	Eldste eigarskap
II*, VII	Sultar halfar, á Sult (yngre tillegg: “prestens gaard som nu hr. Arne boer”)	Sylte, Norddal 27, Dale skipreida	Ikkje nemnd i 1626 eller 1647; prestegard. <sup>9</sup>	Prestebordsgods
II*	biorastader	Bjorstad, Norddal 25, Dale skipreida	1651: Christoffer Nielsen [Lem] i Romsdalen, 1 ½ våg fisk; 1626: “hermandtz goedtz”, 1 ½ våg; 1624: Claus Brockenhuus, 2 pund 9 merker; AB, 133: 4 ½ mmb., øyde	Adels-gods, tidl. kyrkje-gods
III	a riflu	?		
IV	driffsvig	?		
IV*, V	Helgabostad	Hellebostad, Sunnylvn 3, Dale skipreida	1651: M. Peder i Bergen, 1 ½ våg 18 merker smør; 1626: “Kronens och Bonde godtz”, 1 våg ½ pund 6 merker smør	Bonde- og krongods
IV*	holm/holen	Hole, Sunnylvn 6, Dale skipreida	1651, 1626: odelsbønder, 2 våger smør	Bonde-gods
IV*	starrin	? (kann vera Stadheim, Sunnylvn 17, sjå nedanfor, ættlegg VII)		
V*	wpswig (eller wxs-wig)	Uksvika, Stranda 14, Dale skipreida	1651: M. Peder i Bergen, 6 ½ våg 9 merker fisk; 1626: “Chroenens och Bondegodtz”, 6 ½ våg 9 merker; OEJ, 4: bygsla for 1 punds verd + 1 kyrlag; AB, 134: 20 mmb., bygsla for 1 mark, heile garden	Bonde- og kyrkje-gods
V*	upsaga	Uksag, Stranda 13, Dale skipreida	1651, 1626: odelsbønder, 2 våger 18 merker fisk	Bonde-gods

<sup>9</sup> Av bygdeboka for Norddal gjeng det fram at Sylte var prestegard fram til 1600-talet, men på grunn av ein stor elveskade måtte presten få seg ny prestegard. I millomalderen stod òg soknekyrkja på Sylte (Tafjord [1966], 220).

Ættlegg nr. <sup>5</sup>	Namneform i AM 22 fol.	Identifikasjon (gardsnamn, herad, gardsnr., skipreida) <sup>6</sup>	Eigaruppgávur <sup>7</sup>	Eldste eigarskap
V*	helle	?Hjellane, Stranda 23, eller ?Hellsem, Stranda 18, båe i Dale skipreida <sup>10</sup>	<b>Hjellane:</b> 1651: sl. Rasmus Larsens ervingar, ½ våg 18 merker fisk; 1626: “hermands goods”, ½ våg 18 merker fisk; 1624: Jacob Rosenkrantz og sysken, 1 våg fisk; <b>Hellsem:</b> 1651: odelsbønder, 4 ½ våg fisk; 1626: “Kiercke og Preste godtz”, 4 ½ våg fisk; <i>OEJ</i> , 4: bygsla for 1 punds verd; <i>AB</i> , 134: 7 mmb., bygsla for ½ laup	Adelsgods / kyrkje- og prestebordsgods
V*	hedensgerde	Hessgjerden, Stranda 16, Dale skipreida	1651: M. Peder i Bergen, 2 våger fisk; 1626: “Cronens godtz”, 2 våger fisk	Krongods
V, VI	j lid (seinare tillegg: “ij h. Ebbe gield”) <sup>11</sup>	Lid, Ørskog 35, Valle skipreida	1651: odelsbønder, 3 ½ våg 18 merker fisk; 1626: “Preste och Bonde godtz”, 3 ½ våg 18 merker fisk	Bonde- og prestebordsgods
VI, VIII	Bardarstad	Barstad, Vartdalsstranda 90, Ørsta skipreida	1651, 1626: odelsbønder, 6 våger fisk	Bondegods
VI*	all Roma (i margen: Rom og Romstrand)	Romstrand, Vartdalsstranda 87, Ørsta skipreida	1651: Giske-gods, 3 ½ våg 18 merker fisk; 1647: Giske-gods, 3 ½ våg 8 merker fisk; 1626: Giske-gods, 3 ½ våg 6 merker fisk; 1582: “Romnestrand”, 4 ½ våg fisk 1 pund; 1563: “Romstrandt”, 4 såld, bygsla for 4 ½ våg fisk	Giskegods

<sup>10</sup> Det hev vore gissa på at Høyer hev mislese “helle” for “hielle”. Det finst tri Hjellegardar i Dale skipreida: Hjellane (Stranda 23), Hjellane (Norddal 57–59) og Hjelle (Stranda 51), kalla “Skaffarøydegarden” (*NG* 13, 132). Av desse er den sistnemnde minst, på berre 18 merker fisk (*Skem* 1647 MoR, 118), medan Hjellane på Stranda er på ½ våg 18 merker fisk og Hjellane i Norddal på i alt 4 våger fisk (*Skem* 1647 MoR, 122). Ut frå plasseringi av dei andre gardane i godset, som alle ligg på Stranda, kann me truleg sjå burt frå Hjellane i Norddal, men Hjellane på Stranda (gnr. 23) er ein kandidat. Ein alternativ hypotese er at det stod noko meir i originalen enn berre “helle”, og at det dreiar seg um Hellsem (Stranda 18), skrive “af Helle syn” i *AB* (s. 134); med ei slik serskriving vilde det vera godt skynelegt um Høyer hadde sleppt etterleden *-syn*. Hellsem ligg nærare dei hine gardane som “Arlitr gaddabein” vert sagt å ha ått i ættlegg V (Uksvika, Uksag og Hessgjerden) enn nokon av dei hine kandidatane. Hellsem var på 4 ½ våg fisk og vert i 1651 karakterisert som odelsgods hjå bøndene, men i 1626 var han “Kiercke og Preste godtz”, sjå tabellen.

<sup>11</sup> Ebbe Madsen var sokneprest i Ørskog prestegjeld 1590–1629, som den gongen femnde um heile indre, nørdrø Sunnmøre, med seks kyrkjer og tvo kapell: Ørskog, Stordalen, Sykkylven, Stranda, Dale og Sunnlyven kyrkjer i tillegg til Geiranger og Døving kapell (*NKJ* II, 64).

Ættlegg nr. <sup>5</sup>	Namneform i AM 22 fol.	Identifikasjon (gardsnamn, herad, gardsnr., skipreida) <sup>6</sup>	Eigaruppgåvor <sup>7</sup>	Eldste eigarskap
VI*	alla Strandarvig	Strandabøen, Ulstein 24, Ulstein skipreida <sup>12</sup>	1651: Giske-gods, 1 våg fisk; 1647: Giske-gods, 2 pund fisk; 1626: Giske-gods, ½ våg fisk; 1582: "Strandby", 2 pund fisk; 1563: "Stranbø", 1 geiteskinn	Giske-gods
VI*	gudøj	Godøyna, Borgund 124, Borgund skipreida	1647: Giske-gods, 21 våger fisk; 1626: "Cronens, Kierckens och Bondegods", 25 ½ våg ½ pund 6 merker; 1582: "Gudøen", 16 våger fisk og 15 mælar korn; 1563: "Gudøenn", 16 såld korn, bygsla for 16 våger fisk og 15 mælar korn; kjøpebrev på i alt 8 mmb. i Godøyna til Erling Vidkunsson 1352 og 1353 ( <i>DN I</i> nr. 326, 338)	Giske-gods
VI*	hund-eidavig, hundeid	Hundeid, Sykkylven 56, Hjørundfjord skipreida	1647: "Hunæid", Giske-gods, 4 ½ våg fisk; 1582: "Hundeuig", 2 ½ våg fisk; 1563: "Hundeuigenn", 1 kyrlag, bygsla for 2 ½ våg fisk; makeskifte 1416 ( <i>DN II</i> nr. 639)	Giske-gods
VI	á brimisnesi	Bremsnes, Bremsnes 52 (på Nordmøre)	1661: futegard, krongods, 4 spann ( <i>Jb</i> 1661 Ndm, 97); <i>AB</i> , 118: 16 spann, heile egedomen utan 4 spann som låg til prestebordet	Kyrkje-gods
VI, VII	greipstad / grebstad	Grefstad, Sykkylven 7, Valle skipreida	1651: sl. Rasmus Larsens ervingar, 8 våger fisk; 1626: "hermandtz godtz", 8 våger fisk; 1624: Jacob Rosenkrantz, 8 våger fisk	Adelsgods
VI	á aurum	Aure, Sykkylven 14, Valle skipreida	1651: sl. Rasmus Larsens ervingar, 8 våger fisk; 1626: "hermandtz godtz", 8 våger fisk; 1624: Jacob Rosenkrantz m. sysken, 8 våger fisk	Adelsgods

<sup>12</sup> Det kunde vera freistande å identifisera denne "Strandarvig" med Strandabøen i Hjørundfjorden (gnr. 1), i og med at denne garden ligg nærare både Romestrand på Vartdalsstranda og Hundeid i Sykkylven. No var ikkje Strandabøen i Hjørundfjorden Giske-gods, som Strandabøen i Ulstein var, og både i 1563 og 1582 er Giske-garden Strandabøen nemnd like etter Romestrand (Sandberg (utg.) 1986, 23; *NRR II*, 454–55). Garden i Ulstein høver òg betre for det alternative namnet "Strandarvig", i og med at garden ligg innanfor Lyngnesvika, som eigenleg er ein del av den viki som hev gjeve namn til Ulsteinvik.

Ættlegg nr. <sup>5</sup>	Namneform i AM 22 fol.	Identifikasjon (gardsnamn, herad, gardsnr., skipreida) <sup>6</sup>	Eigaruppgávur <sup>7</sup>	Eldste eigarskap
VI, VII	paa Fogls, fogl	Storfosna, Ørlandet 60 <sup>13</sup>	1548: 8 spann, krongods ( <i>NLR</i> VI, 15); yverførd frá kongen til erkebispesættet ved makeskifte på Båhus i 1354 ( <i>DN</i> II nr. 326)	Krongods
VI, VII	á Reini	Rein (Reins kloster), Rissa 83	ikkje nemnd i 1647; kloster	Kloster-gods
VI, VII, IX	Krosbreck / Kroskreck	Korsbrekke, Sunnylvn 2, Dale skipreida	1651: bondegods, 1 ½ våg fisk; presten på Ørskog, ½ våg fisk; 1626: "Bonde och Prestegodtz", 2 våger smør	Bonde- og prestebordsgods
VI, VIII	a velli	Velle, Sykkylven 26, Valle skipreida	1651: sl. Rasmus Larsens ervingar, 6 våger fisk; 1626: "hermandtz godtz", 6 våger fisk; 1624: Jacob Rosenkrantz m. sysken, 5 våger 1 pund 4 merker	Adelsgods
VII	á Stadeimi (yngre tillegg: "ij Nordale")	Stadheim, Sunnylvn 17, Dale skipreida	1651: odelsbønder, 1 ½ våg smør; 1626: "Bonde godtz", 2 våger smør; <i>AB</i> , 133: 1 mmb.	Bonde- og kyrkjegods
VIII	á löe	?Langlo, Stranda 49, Dale skipreida	1651: odelsbønder, 3 ½ våg fisk; 1626: "Bondegodtz", 5 våger fisk	Bonde-gods
IX	heimdal	?		
X*	hiortal	Hjortdal, Sykkylven 27, Valle skipreida	1651: sl. Rasmus Larssens ervingar, 3 våger fisk; 1626: "Hermandtz godtz", 3 våger fisk; 1624: Jacob Rosenkrantz m. sysken, 4 våger fisk	Adelsgods

<sup>13</sup> Dette gardsnamnet "Fogls") er heimstaden åt Torkjell, far åt Sigríð Torkjellsdotter, som etter tur var gift med Aure-Pål Skoftesson og Guttorm Åsulvsson på Rein. Det hev vore gissa på at det skulde vera Fuglsøya i Surnadalen (gnr. 2), nemnd som "af Fogle" i *AB* (s. 112), men det er berre ein avsides smågard (1 spann i 1647; *SkM* 1647 MoR, 281) på grensa millom det som i dag er Surnadal og Rindal kommunar. Nokon gard på *Fugl-* som kunde vera ein høveleg kandidat, er vand å finna. Fuglsbøen i Kyrkjebø (gnr. 13), nemnd som "i Fughli" i *BK* (s. 242), er òg ein smågard (2 ½ pund smør i 1647; *SkM* 1647 SoF, 116). Det vert òg merkelegt um det skulde vera ein av desse gardane at det stend "paa Fogls" og "paa fogl" i ættleggene, og ikkje \*"paa Fogle" i dativ. Mest trulegt dreiar det seg difor um ei feilskrift av eit anna namn, og då ligg det nære å tenkja på Storfosna, som var administrasjonssentrum i nordluten av Nordmørefylket i millomalderen. Den norrøne formi av namnet *Fosna* er *Folgsn*, som er eit sterkt hokynsord og hev endingslaus dativ; "á Folgsn" vilde difor vera ein mogleg skrivemåte på 1200-talet (jf. *NG* XIV, 50), og Høyer kann ha mislese dette som "Fogls(n)". Torkjell kann ha vore kongens mann og ikkje sjølv ått garden og endå vorte kalla "Torkjell på Fosn". Ei slik plassering vilde òg høva godt med at dotter hans fyrst vart gift til Aure på Sunnmøre og so til Rein i Rissa, sjå fotnote 4.

Ættlegg nr. <sup>5</sup>	Namneform i AM 22 fol.	Identifikasjon (gardsnamn, herad, gardsnr., skipreida) <sup>6</sup>	Eigaruppgåvor <sup>7</sup>	Eldste eigarskap
X*	Straumseim	Straumsheim, Sykkylven 34, Valle skipreida	1651, 1626: odelsbønder, 3 våger fisk	Bonde-gods
X*	haffuanes	?Tjønnes, Sykkylven 19, Valle skipreida <sup>14</sup>	1651: presten i Borgund og odels-gods, 4 våger fisk (ikkje spesifisert); 1626: "hermandtz och Kirkhegodtz", 4 våger fisk; Munkelivs jordebok ca. 1200 ( <i>DN XVI</i> nr. 1) og ca. 1480–90 ( <i>DN XII</i> nr. 257): ½ mark	Adels- og kyrkje-gods
X	a Jnulæimi (f. Imleim)	Emleim, Borgund 6, Borgund skipreida	1651: sl. Rasmus Larsens ervingar, 4 ½ våg fisk; 1626: "hermandtz och Kierke godtz", 5 våger fisk; 1624: Jacob Rosenkrantz, 4 ½ våg fisk; <i>OEJ</i> , 3: bygsla for 1 punds verd; <i>AB</i> , 130: 3 ½ mmb., bygsla for 1 laup	Adels- og kyrkje-gods
X, XI	a Ake	?Åkre, Haram 13, Vatne skipreida	1651: presten i Borgund, 12 våger fisk	Preste-bordsgods
XII	ij Sundby	Sandbu, Vågå 15–19	1647: odelsbønder, 7 huder; Albert Pytts ervingar, 4 huder; krongods, 3 huder; kyrkjegods, 3 huder	Bonde-, borgar-, kron- og kyrkje-gods
XII	i Rundi	Runde, Herøy 9, Nærøy skipreida	1651, 1647: Giske-gods, 10 ½ våg fisk; 1626: "Lunde" ( <i>sic</i> ), Giske-gods, 10 våg fisk; 1582: "Rum", 10 ½ våg fisk; 1563: "Runde", 10 ½ våg fisk, bygsla for 4 ½ våg fisk	Giske-gods

<sup>14</sup> Garden "haffuanes" identifiserte Storm (1876, 106, n. 1) med Gjevenes (Sykkylven 57) i Hjørundfjord skipreida; "vistnok Fejl for Gjeffuanes", med tilvising til fru Gørvel Fadersdotters skøytebrev til kongen i 1582 (*NRR* II, 454<sup>33</sup>). No ligg ikkje Gjevenes i same bygdelag som dei hine gardane i ættlegg X, som ligg ved Sykkylvsfjorden og i Velledalen, men derimot i Hjørundfjorden, og identifiseringi vert med di minder truleg; dessutan er Gjevenes ein heller liten gard (2 geiteskinn i 1563, 1 ½ våg fisk i 1626 og 1647). Eg hev difor tenkt meg at det kann liggja ein annan skrivefeil til grunn her: Um handskrifti hev havt "Piouanes" (jf. "af Piouanese", *DN XVI* nr. 1, ca. 1200, prenta "Prouanese" i *DN*, men retta til "Piouanese" i *NG* 13, 143, jf. "Aff Tiouanese" i *DN XII* nr. 257, ca. 1480–90), kann Høyser ha lese "Pio-" rangt som "Ha-" og soleis skrive (i si tids skriftform) "haffuanes". Tjønnes ligg lenger ut (og nord) i Sykkylvsfjorden, rett sud for Blindheim (Sykkylven 18). Etter at eg hadde kome fram til denne hypotesen, såg eg at Ola Kvalsund (1957, 228) hev gjort den same identifikasjonen.

Ættlegg nr. <sup>5</sup>	Namneform i AM 22 fol.	Identifikasjon (gardsnamn, herad, gardsnr., skipreida) <sup>6</sup>	Eigaruppgávur <sup>7</sup>	Eldste eigarskap
XII, XIII	a Myrasætre	Myrset, Sykkylven 53, Hjørundfjord skipreida	1651: Margareta-kyrkja i Borgund, 2 våger fisk; 1626: "Cronens godtz Prestens och Bonde godtz", 2 våger fisk; <i>OEJ</i> , 4: bygsla for 1 pounds verd ("øde")	Bonde-, kron- og prestebords-gods
XIII	á flodamre	Flem, Haram 9, Vatne skipreida	1651: bondegods, 9 ½ våg 18 merker fisk; Jørgen Valderhaug: 3 våger fisk; 1626: "Cronens, Kierckens og Bonde godtz"; 12 ½ våg ½ pund 6 merker fisk; <i>OEJ</i> , 3: bygsla for 1 kyrlag; <i>AB</i> , 130: 5 mmb., bygsla for 1 kyrlag	Bonde-, kron- og kyrkjegods

Det er i alt 41 identifiserte gardar i tabellen (då tel eg med dei som er litt uvisse og markerte med spyrjeteikn). Av desse er det fire gardar som heilt klårt ikkje hev noko med odelsgods i ætti å gjera. Det gjeld Bremsnes, Storfosna og Rein (det seinare Reins kloster) i ættlegg VI og VII og "Sundby" i ættlegg XII, som truleg er identisk med Sandbu på Vågå. Av dei 37 gardane me då sit att med, er berre åtte Giske-gods framleis på 1500-talet (medrekna Giske sjølv) og med i Gørvel Fadersdotters rekneskapsbok frå 1563 (Sandberg (utg.) 1986). Ti gardar til er det som i jordeboki for Sunnmøre for 1626 vert umtala som "herremannsgods", d.e. adelsgods; i fire av desse er rett nok ein mindre part kyrkjegods (i Årberg, Husabø, Tjønnes og Emleim). Dette adelsgodset var spreidd på mange hender i 1647/51: Seks av gardane hadde handelsborgaren Rasmus Lauritsen fenge hand um, medan tvo var i eiga åt Mette Pedersdotter, enkja etter Niels Pedersen, og son hennar, Christoffer Nielsen (Husabø og Bjorstad). Éin av gardane vert framleis kategorisert som Rosenkrantz-gods (Årberg), medan éin er komen yver i eiga åt brukarane (Tjønnes). Dei seks gardane som Rasmus Lauritsen åtte – Hjellane, Grefstad, Aure, Velle, Hjortdal og Emleim, alle på Sunnmøre, – finn me att i det godset han hadde "udj forsuor och befalling" av syskeni Jacob, Sophia og Anne Rosenkrantz i 1624, medan Årberg i Sunnfjord finst i jordeboki yver Jacob Rosenkrantz' gods i Sunnfjord, Nordfjord, Sogn og Ryfylke. Husabø i Sogn er på si sida oppført i jordeboki åt Gunde Lange frå 1625 og Bjorstad på Sunnmøre i jordeboki åt Claus Brockenhuus frå 1624.

Både dei gardane som var i Giske-godset åt Gørvel Fadersdotter, og flestalle dei gardane som var adelsgods enno i 1620-åri, kann førast attende til Giske-ætti, på litt ulike måtar. På skiftet etter den barnlause Hans

Sigurdsson av Giske i 1490 vart arven etter honom delt i tri like delar på etterkomarane av dei tri syskenborni som enno var i live då han døydde i 1466: Agnes Alvsdotter, Gro Alvsdotter og Gudrun Olavsdotter.<sup>15</sup> Millom etterkomarane åt Agnes var Gørvel Fadersdotter, som i 1582 donerte sitt Giske-gods til kongen; i det var åtte gardar som er nemnde i sunnmørsættleggene. Gudrun Olavsdotter vart ættmor åt Rosenkrantzane gjennom dotterdotteri Margrete Bosdotter Flemming, gift med Holger Eriksson Rosenkrantz; Rosenkrantzane sat med sju av gardane ovanfor i 1624. Gro Alvsdotter vart på si sida mormor åt fru Ingerd Ottesdotter til Austrått, og frå henne gjekk hennar del av arven frå Giske vidare til døtterne og etterkomarane deira. Millom deim var Anne Hansdotter (Litle), som var gift med Gunde Lange, og garden Husabø i Leikanger, som han sat med i 1625, må i si tid ha vore ein del av arven etter Hans Sigurdsson (jf. Weidling 1998, 270, 615).

Claus Brockenhuus var dansk adelsmann og hadde fenge det norske jordegodset sitt med kona, Emerentze Pedersdatter, dotter åt Peder Iversen til Fresje.<sup>16</sup> Då Peder Iversen døydde i 1616, var han millom dei fire-fem godsrikaste personane i Danmark-Noreg (Weidling 1998, 215). Han hadde ervt ein del, men det meste av jordegodset hadde han kjøpt eller tilpanta seg, m.a. av ervingane etter Nils Henriksson og Ingerd Ottesdotter. Det vilde difor vera nærliggjande å tenkja at òg Bjorstad, som Claus Brockenhuus sat med i 1624, hadde opphavet sitt i Giske-ætti, men av opplysningane i Aslak Bolts jordebok ser det ut til at heile den garden hadde vore i eiga åt erkesætet i millomalderen (sjå tab. 1). Den einaste “herremannsgarden” som det ikkje hev lukkast å finna noko meir konkret um, er Tjønnes (parten som Munkeliv kloster åtte i millomalderen, var truleg rett liten), men det ligg nære å ganga ut frå at det òg i dette tilfellet dreiar seg um gamalt Giske-gods. Me hev soleis fenge stadfest at gardane i sunnmørsættleggene for ein stor del hev med Giske-ætti å gjera, med ei påviseleg tilknytning for 16, truleg so mange som 17 av 37 gardar.<sup>17</sup>

<sup>15</sup> DN VIII nr. 426. Dette gjeng ikkje eksplisitt fram av dokumentet, men er ein rimeleg opplagd rekonstruksjon av arvetilhøvi, jf. Leistad 1997; Ugulen 2006, 345, 534–35. Dei faktiske ervingane i skiftebrevet er hr. Alv Knutsson og syskeni hans (born av Agnes Alvsdotter), hr. Otte Matsson og syskeni hans (born av Gro Alvsdotter) og hr. Arald Kane på vegner av kona, fru Ingerd Erlendsdotter, og syster hennar, fru Sigrid Erlendsdotter (døtter av Gudrun Olavsdotter).

<sup>16</sup> Steinnes (1971, 24) hevdar at Claus Brockenhuus var son åt Henrik Brockenhuus, som var gift med Elisabet Pedersdatter (Litle), men det er altså ikkje rett.

<sup>17</sup> Tri av gardane som var bonde- og/eller krongods i 1626, var i 1647 komne i eiga åt magister Peder Nielsen Lem i Bergen, bror åt ovannemnde Christoffer Nielsen, d.e. Hellebostad, Uksvika og Hessgjerden. Det er kjent at far deira, Niels Pedersen, bygde upp store eigedomar gjennom oppkjøp av gamle adelsgoods, m.a. frå Claus Brockenhuus



Forvitnelegt er det at so mange av gardane som er nemnde i sunnmørsættleggene, var odelsgods åt bøndene som budde på gardane alt i dei tidlegaste oppgåvone me hev. Det gjeld heile femtan av gardane i tabellen; av deim var seks gardar fullt ut bondegods, medan dei resterande ni hadde innslag av prestebordsgods, krongods eller kyrkjegods. Av dei andre gardane var éin krongods (Hessgjerden), éin gard apostelgods (Rellingen), éin gard hørde i millomalderen til domkyrkja i Nidaros (Bjorstad), medan tvo gardar var prestebordsgods (Sylte og Åkre). Me lyt hugsa på at jamvel um sunnmørsættleggene heilt tydeleg uttrykkjer ei interessa for desse gardane som eigeomsobjekt, er det lite trulegt at dei alle nokon gong hev vore samla på éi hand. At so pass mange av deim var i sjølveiga hjå bøndene tidleg på 1600-talet eller i eiga åt kyrkjelege institusjonar i millomalderen, peikar på at dei *ikkje* var det. Nokre av dei gardane som var i sjølveiga hjå bøndene i 1620-ári, kann likevel tenkjast å ganga attende på gamalt adelsgods eller i minsto ha vore del av litt større godssamlingar, t.d. ved at bøndene ætta ned frå det ein kann kalla “småadelen” i seinmillomalderen. Eit døme på dette fær me i eit arveskifte frå Stranda i 1573, der åtte gardar og ein skogsteig vart skifte millom brødrungane Olav Eiriksson og Olav Ellingsson med sysken; flestalle gardane låg på Sunnmøre, men éin av deim i Romsdalen. Dei tvo største gardane på skiftet var Uksvika, med ei skyld på 22 månadsmatsbol, og Langlo, med ei skyld på 24 månadsmatsbol.<sup>18</sup> Båe desse gardane er truleg nemnde i sunnmørsættleggene, jf. tab. 1. Uksvika er òg nemnd i Aslak Bolts jordebok, i ei innførsla frå Aslak Bolts tid som fortel at ein Amund Olavsson la halve Uksvika, 10 månadsmatsbol, “j rekenskap *fire* fadhør sin”, med andre ord i bot, og at broren Guttorm la hi helvti, venteleg av same grunn. Uksvika er framleis med i jordeboki åt Olav Engelbrektsson frå 1530-ári, med noko redusert landskyld, men må ha vorte innløyst av odelsmennene, etter di garden er med på dette skiftet i 1573.

---

og Gunde Lange (Weidling 1998, 640–41). Ein del av desse oppkjøpi gjekk fyre seg tidleg i 1620-ári. Me fær ei god yversyn yver det godset Niels Pedersen hadde eigna til seg fram til då i landskatten 1626 for Brunla len, som inneheld “Enn Richtich copia Aff Niels Pederføn paa Husebye hans Jorbeoegh”, der han segjer at han hadde skaffa seg godset av “Velb. Gunde Lange, Claus Brockenhus, och Andre gaat Folch” (NRA, Rentekammeret inntil 1814, Reviderte regnskaper, Lensregnskaper, Brunla len, 1.8: landskatt til pinse 1626, Tjølling sokn). Det godset han åtte då, femnde òg um gardar nordanfjells (som Nordfjord og Sunnmøre vart rekna til), men ingi av gardane i tab. 1 ovanfor er nemnde i jordeboki.

<sup>18</sup> Statsarkivet i Trondheim, Stranda sokneprestembætte, avskrift av skiftebrevet ved sokneprest Ebbe Carsten Tønder, 1768. Avskrifti er attgjevi med fotografi og transkripsjon på <http://soga.no/artiklar/skifte-1573-pa-stranda/>.

Det er ein tydeleg tendens millom gardane i sunnmørsættleggene at dei største av deim var i adeleg eiga på 1500- og 1600-talet. Um me ser på gardane med ei samla landskyld på meir enn 4 laupar smør eller 8 våger fisk, gjeld det Husabø, Giske, Godøyna, Grefstad, Aure og Runde. Undantak i denne gruppa er Helgheim (7 ½ laup smør), Storfosna (8 spann smør), Åkre (12 våger fisk), Sandbu (17 huder) og Flem (12 ½ våg 18 merker fisk) – dei var hovudsakleg prestebords- og kyrkjegods (Helgheim og Åkre), krongods (Storfosna og Flem) eller ei blanding av desse med bondegods (Sandbu). Av gardane på millom 4 og 8 våger fisk, eller mellom 2 og 4 laupar smør, er adelsgodset framleis dominerande, med gardane Tafjorden, Årberg, Romestrand, Hundeid, Velle, Tjønes og Emleim, men nokre gardar i denne gruppa var hovudsakleg bondegods: Vereide, Lande, Uksvika og Barstad; Bremsnes på Nordmøre var derimot kyrkjegods. Med andre ord er heile 13 av dei 18 gardane som var adelsgods i 1620-åri, på yver 4 våger fisk. Eller, med eit anna utgangspunkt: Av dei 23 gardane på 4 våger fisk eller meir, var 13 åtte av adelen. Dette skal truleg tydast ut med at adelen både hev havt betre høve til å halda på gardane (på grunn av dei andre innkomone dei gjerne hadde), og at dei hev synt interessa for nett dei store gardane.

Eit anna interessant drag er at Giske-gods og anna adelsgods er so pass spreidt utgjennom sunnmørsættleggene. Det kann med andre ord sjå ut til at Giske-ætti hev slege inn under seg gardar frå flestalle ættleggene. Storm delte ættleggene inn i fem grupper eller “Rækker” etter innhaldet: I–III, som krinsar um ætti åt Gudrid i Giske; IV–V, som gjeld morsætti åt Ragnhild Hallvardsdotter frå Lid, gift med Bård Bårdsson på Barstad; VI–IX, som gjeld morsætti åt Bård Bårdsson på Barstad; X–XI, som hev uviss tilknytning, men som kann henda – på grunn av *Bård*-namnet – gjeld farsætti åt Bård Bårdsson på Barstad; og endeleg XII–XIV, som òg hev uviss tilknytning, men som gjerne òg gjeld farsætti åt Bård på Barstad (her òg kjem *Bård*-namnet upp). Me finn gardar som sidan er Giske-gods eller anna adelsgods i mest alle desse gruppone, serskilt i ættlegg I–III (Tafjorden, Årberg, Terøyna, Husabø, Giske) og ættlegg VI (Romestrand, Strandabøen, Godøyna, Hundeid, Grefstad, Aure, Velle), dessutan i ættlegg X (Hjortdal, Tjønes, Emleim) og XII (Runde). Den einaste gruppa av ættlegger der det ikkje er nemnt nokon gardar som sidan er adelsgods, er ættlegg IV–V, som gjeld morsætti åt Ragnhild Hallvardsdotter. Her er det for det meste bondegods: Hellebostad, Hole, Uksvika, Uksag og ikkje minst Lid, den garden som far åt Ragnhild skal ha sete på. Det einaste mogelege undantaket er “helle” i ættlegg V, som kann vera Hjellane på Stranda, som var adelsgods, men det er heilt usikkert, og det spyrst um


det ikkje heller er Hellsem på Stranda som er meint, og den garden var bondegods (sjå fotnote 10). Det kann med andre ord sjå ut til at jordegodset i ætti åt Ragnhild ikkje kom til Giske, og det kann tydst ut med at det fanst nærare odelservingar til dette godset, eller at dei som sidan sat på Giske, ikkje var skyldde Ragnhild. Dette vert likevel eit undantak: Hovudfunden er at Giske-ætti hev slege inn under seg gardar frå eit vidt spektrum av ætter som er dokumenterte i sunnmørsættleggene, og det må ha ein grunn.

## Sunnmørsættleggene og den fyrste eigaren av *Fagrskinna B*

Det er ei bisn at so mange av sunnmørsættleggene – tavla IV–IX hjå Storm (1876) – munnar ut i dette ekteparet Bård Bårdsson på Barstad (på Vartdalsstranda) og Ragnhild Hallvardsdotter frå Lid (i Ørskog). Det kann snaudt vera tilfellelegt, og ein bør i dette søkja bakgrunnen for at ættleggene i det heile vart til. Gustav Storm (1876, 95) identifiserte far åt denne Ragnhild med birkebeinhovdingen *Hallvarðr hlíðarfaxi*, som er nemnd i *Baglarsoga* og vart drepen ved yverfallet i Nidaros i april 1206 (*hlíðarfaxi* = ‘mann frå Hlíð’), og han identifiserte likeins verfar hans på tavla, Jon Drumbe, med mannen med same namn i *Sverre-soga* (kap. 75), morbror åt Vidkunn Erlingsson av Bjarkøy (båe d. 1183):

Vi har saaledes her i Heklungehøvdingen Jon drumbe, hvis Datter giftes med Birkebejneren Hallvard i Lid, et Exempel paa Sverres bekjendte Politik, at give sine Tilhængere de faldne Fiendehøvdingers Døtre tilægte. (Storm 1876, 95)

Denne tolkingi må segjast å vera kongenial, men ho høver ikkje so godt med den kronologien me kann rekonstruera for sunnmørsættleggene med bakgrunn i sikrare ættlinor: Ragnhild skulde etter desse utrekningane vera fødd so seint som um lag 1220–30 (sjå nedanfor), og i so fall kann ho ikkje vera dotter åt Hallvard Lidarfakse som døydde i 1206. Storms hypotese må difor sleppast, um ein då ikkje vil rekna med at Ragnhild var ei halvgamal gjenta som ein gjerne vilde ha gift, for å parafrasera Asgaut Steinnes (1968, 241). Den sikraste ættlina – og kronologien – fær me ved å kombinera opplysningar frå Rein-ættetalet med deim me finn i sunnmørsættleggene. Av Rein-ættetalet gjeng det fram at dron-



Ill. 4. Ei sida av sunnmørsættleggene i AM 22 fol., fol. 106r, med den viktuge genealogien som syner lina frå Ingebjørg Pálsdóttir av Giske til Bård Bårdsson på Barstad.

ning Ingerid Sveinsdóttir, enkja etter Olav Kyrre, vart gift upp att med Svein Brynjulvsson (av Aurlands-ætti), og at ho i dette ekteskapet hadde dotteri Hallkatla, som vart gift med ein Torkjell (sjå fotnote 13) og vart mor til Sigríð Torkjellsdóttir. Av sunnmørsættleggene kann me slutta at denne Sigríð i tur og orden var gift med Pål Skoftesson av Giske og Guttorm Åsulvsson av Rein. I det fyrste ekteskapet hadde ho den fyrr nemnde dotteri Ingebjørg, gift med Kolbjørn på Grefstad, og i det andre ekteskapet kong Sverres lendmann Bård Guttormsson av Rein (d. 1194). Ingebjørg vart ættmor i fjerde leden til den Bård Bårdsson på Barstad som mange av ættleggene munnar ut i. Um me reknar med gjennomsnittlege generasjonar på 20 år for kvendeleder og 30 år for mannsleder – eit nokso moderat yverslag i dette sosiale sjiktet i millomalderen – og reknar med at dronning Ingerids dotter Hallkatla vart fødd nokre år etter Olav Kyrres daude i 1093, fær me denne kronologien fram til Bård Bårdsson:

Ingerid Sveinsdóttir, enkja etter Olav Kyrre, g.m. Svein Brynjulvsson  
Hallkatla Sveinsdóttir, f. ca. 1100, g.m. Torkjell på Fosn  
Sigríð Torkjellsdóttir, f. ca. 1120, g.m. Pål Skoftesson av Giske  
Ingebjørg Pálsdóttir, f. ca. 1140, g.m. Kolbjørn Olavsson på Grefstad  
Sigríð Kolbjørnsdóttir, f. ca. 1160, g.m. Jon Asgautsson

Arne Jonsson på Korsbrekke, f. ca. 1180, g.m. Solveig Gamlesdotter  
Magnhild Arnesdotter, f. ca. 1210, g.m. Bård på Barstad  
Bård Bårdsson på Barstad, f. ca. 1230, g.m. Ragnhild Hallvardsdotter

Av dette skulde det vera klårt at Ragnhild snaudt kann ha vore dotter åt Hallvard Lidarfakse (d. 1206). Det er her rekna med etter måten stutte generasjonar på 20–30 år, og å ganga mykje under det er snaudt forsvarlegt.<sup>19</sup> Med fødselsår for det ekteparet mange av ættleggene munnar ut i, um lag 1230, vert det samstundes klårt at ættleggene er munaleg yngre enn *Arnmœðlingatal*, som me såg stogga ved 1225–30. Det ser ein òg ved at Skule jarl er umtala som (gen.) “Skula hertugs” i ættlegg VI og VII; hertug vart han fyrst i 1237. Alt dette kann høva med den filologiske dateringi av *Fsk B* til ca. 1250, um det likevel vert litt tidlegt (Bård og Ragnhild kann tidlegast ha vorte gifte kring den tidi). Ola Kvalsunds ikkje grunngjevne datering av ættleggene til ca. 1330 (i Kvalsund 1957, 194) er i alle høve for sein, noko òg ein ikkje namngjeven forfattar peikar på i boki *I balansepunktet. Sunnmøres eldste historie* (1994). Han legg til:

Derimot må Kvalsund ha rett når han argumenterer for at listene er satt opp først og fremst for å argumentere for odelsrett til gårder på Sunnmøre. Og ved første øyeblikk kan det også se ut som han har rett når han hevder at ættlegga ikke er knyttet til Giske-ætten. Den har jo korrekt nok svært få opplysninger om Giskefolket. Men dette blir mer forståelig når vi ser på hvor ættlegga opprinnelig var å finne. Trolig stod de sammen med “Arnungatal” i et nå tapt håndskrift av *Noregs konungatal*, (Fagerskinna) nedtegnet i 1240-åra, og i Giskeættens personlige eie. Når Arnungatal viste ættens tilknytning til tidens stormenn, var det ikke noen grunn til å gå nærmere inn på dette i ættlegga. Her var det ætteforhold og gårder på Sunnmøre som skulle settes i fokus. (Larsen og Sulebust (red.) 1994, 522)

Med ei datering av sunnmørsættleggene til (tidlegast) i 1250-åri ligg det nærast å tru at dei – og heile *Fsk B* – er skrivne for den siste Giske-mannen i den agnatiske lina, lendmannen Nikolas Petersson (d. 1264), son av Peter Pålsson (d. 1254). Nikolas er nemnd fyrste gong som lendmann i lag med faren i 1253 og kann vera fødd so seint som ca. 1230. Reint kronologisk høver det best um han hev vore gift med ei litt yngre syster av Bård Bårdsson på Barstad, og at dotteri i dette ekteskapet, Margret Nikolasdotter, var fødd ca. 1255–60. Av det vesle som er varveitt av *Soga um Magnus Lagabøte*, kann me slutta oss til at Margret var gift med Bjarne Erlingsson alt i 1276, etter di han vert umtala det året som “Bjarne frå Giske” i ei

---


<sup>19</sup> Det er dessutan uforsvarlegt å setja Ingebjørg Pålssdotters fødsel tidlegare enn ca. 1140, jf. det som er sagt ovanfor i fotnote 4.

uppramsing av biskopar og lendmenn som etter alt å døma hev skriftlegt fyrelegg (*IA*, 333; jf. *MLag* 1979, 361). Lagalderen for giftarmål var etter kanonisk rett 12 år, men det er rimelegt at Margret hev vore minst 14–15 år då ho vart gift med Bjarne. Det vert soleis for knapt kronologisk å lata Nikolas Petersson gifta seg med ei *dotter* av hjonet Bård Bårdsson og Ragnhild Hallvardsdotter.

Um det var so at Nikolas Petersson var gift med syster åt Bård Bårdsson, kann det òg tyda ut at ingi av gardane i ætti åt Ragnhild Hallvardsdotter hamna i Giske-ætti, men derimot mange gardar som er nemnde i samband med ætti åt Bård. Når det i sunnmørsættleggene er teke med opplysningar um ætti åt den som etter denne hypotesen vert versyster åt kona åt Nikolas Petersson, kann det tydst ut på denne måten: Kona åt Nikolas, den ukjende Bårdsdotteri, hev havt ein einaste bror, Bård Bårdsson på Barstad, som var gift med Ragnhild. Bård og Ragnhild hev havt eit barn, men so hev Ragnhild døytt fyrst, og barnet hev ervt henne, og so hev barnet døytt og vorte ervt av faren (dette kunde lett henda den gongen då mange kvende døydde i barselseng, og mange born døydde i spedbarnsalderen). Då sunnmørsættleggene vart skrivne, låg det i korti at anten kona åt Nikolas Petersson eller dotter deira, Margret, kom til å erva Bård Bårdsson og godset hans, som då til dels var hans eige odels-gods og til dels odelsgodset åt kona. Giske-herren hev nok rekna med å slå under seg godset frå ætti åt Ragnhild Hallvardsdotter òg, men når det ikkje hev hendt, må einkvan med odelsrett til godset ha kravt det innløyst. Ein slik hendingsgang kann best tyda ut den kjensgjerningi at mange av gardane i Bårds ætt, men ingi sikre i ætti åt Ragnhild, hev kome til Giske. På denne måten vert sunnmørsættleggene dels ein dokumentasjon av dei eigedomane på Sunnmøre som kona åt Nikolas måtte koma til å føra inn i ætti, på same vis som dei òg dokumenterte dei eigedomane eit anna kvende, den fyrr nemnde “Gudrid i Giska” – truleg mor eller farmor åt Nikolas –, hadde ført inn i ætti.

I fragmentet av *Soga om Magnus Lagabøte* (AM 325 X 4to) les me (året er 1264):

Þetta haust andaðist Nicholás í Gizka, ok þraut þá lángfedgaætt Gizka manna, þeirra er frá Árna Ármóðssyni voru komnir, en þó átti Nicholás eptir dóttur er Margrèta hêt, ok var hennar móðir ... þótti sá kost vera þann tíma einn beztr í landinu, bæði fyrir ættar sakir, ríkdóms ok friðleika. (*MLag* 1835, 158; jf. *MLag* 1979, 355–56)



Ill. 5. Øvre del av baksida på det eine av tvo blad av *Soga om Magnus Lagaböte* i AM 325 X 4to (fol. 13v), med det opne romet der namnet på mor åt Margret Nikolasdotter skulde ha stade.

På plassen der namnet åt mor åt Margret skulde ha stade, er det ein open plass i handskrifti (sjå ill. 5). Skrivaren hev ikkje visst kven mori var – kann henda var fyrelegget utydelegt på dette punktet –, og so hev han etterlate seg rom til å skriva inn namnet sidan. Det er synd at me på denne visi ikkje fær vita dette namnet med tanke på den mogelege tilknytningi til sunnmørsættleggene. Samstundes er det so at *fráværa* av informasjon òg er eit slag informasjon: Det peikar, um inkje anna, på at mor åt Margret var relativt ukjend i samtidi. Kann det koma av at ho hørde til ei lokal stormannsætt på Sunnmøre? Eg trur det, og me fær ei viss stadfesting på det ved at Nikolas og den ukjende kona hans (Bårdsdotteri) vert skylde langt uti gjenom “Aure-Pål”, Pål Skoftesson av Giske: Medan Nikolas var etterkomar av Pål i bein mannslina i fjerde leden (Pål – Nikolas – Pål – Peter – Nikolas), vert den hypotetiske kona hans etterkomar av Pål gjenom fleire kvendeleder i femte leden (Pål – Ingebjørg – Sigrid – Arne – Magnhild – NN). Med tanke på dei mange kvendi i den eine ættleggen mot berre menn i den andre, er ikkje denne skeivskapen noko uventa. Det er typisk for ekteskapspolitikken i aristokratiet i millomalderen at dei gifte seg med skyldfolk eller med andre innanfor ættenetverket utan at dei braut dei strenge giftarmålsreglane i tidi, som forbaud ein å gifta seg med nokon ein var skyld med fram til og med fjerde leden (sjå meir um dette i Myrvoll 2021). Her vilde ein soleis just ganga utanum dette, etter di Nikolas gifte seg med dotter åt ein firmenning.

Um det er rett at desse genealogiane – sunnmørsættleggene – upphavleg hørde heime i *Fsk* B, hev det den fylgja at *Fsk* B bør daterast til litt etter 1250 og truleg tett uppunder Nikolas Peterssons daude i 1264, og at ein

bør rekna Nikolas som oppdragsgjeveren framfor faren Peter Pålsson eller farfaren Pål Flida, som Gustav Storm (1876) heldt på. Dette er likevel berre ei liti justering og endrar ikkje noko på Storms hovudhypotese, som var at *Fsk B* var knytt til Giske-mennene. Den hypotesen stend ved lag og er faktisk styrkt med den tolkingi av sunnmørsættleggene som her er framlagd.

Når det gjeld vegen *Fsk B* hev teke lenger fram til Bergen på 1500- og 1600-talet, kann ein slutta som nokso sikkert at handskrifti hev gjenge i arv frå Nikolas Petersson til dotteri Margret, som vart gift med lendmannen, seinare baronen Bjarne Erlingsson til Bjarkøy (d. 1313). Margret vart ervd av sonen Andres, men han døydde fyre faren, og med di vart Bjarne sitjande med all eigedommen som var komen med kona – just som verbrosren Bård Bårdsson på Barstad i si tid. Bjarne hadde ikkje livservingar, og arven etter honom – medrekna *Fsk B* – gjekk til brorsonen, riddaren og drottseten Erling Vidkunsson (d. 1355). *Fsk B* hev truleg gjenge vidare i arv i ætti etter Erling, som er rimeleg godt dokumentert (sjå t.d. Ugu- len 2006, 344–45), og ein sannsynleg eigarkandidat på 1500-talet er den ovrike fru Ingerd Erlendsdotter til Losna, som var etterkomar av Erling i femte leden (jf. fotnote 15). Då ho døydde i 1526, vart det strid um arven etter henne; fru Ingerd Ottesdotter til Austrått meinte seg å vera næraste ervingen hennar, noko ho visseleg ikkje var etter landslovi, og ved ein herredagsdom i 1529 med hertug Kristian til stades vart arven tildømd dottersonssonen åt syster åt fru Ingerd Erlendsdotter, Erik Rosenkrantz (1519–1575), som sidan vart lensherre på Bergenhus.<sup>20</sup> Me veit at Erik åtte Bjarne Erlingssons testament; det nemner Absalon Pedersson Beyer i *Om Norgis Rige* (Storm (utg.) 1895, 23). Testamentet må helst vera kome frå fru Ingerd Erlendsdotter, og det vilde høva fint um *Fsk B* hev gjenge same vegen. Ein slik eigarhistorikk vilde òg høva med at Jon Simonsson (1512–1575) nytta *Fsk B* til dei sokalla Christiern Pedersens ekserptar, truleg medan han var i Bergen i 1530-åri, og at me finn marginalnotisar med Jon Simonssons hand på fragmentet i NRA 51 (sjå fotnote 3). Etter Erik Rosenkrantz var avliden, må handskrifti på eikor vis ha hamna i eiga åt Henrik Høyer, truleg gjennom kjøp og sal.

---

<sup>20</sup> Um fru Ingerd Erlendsdotter og den godsgriske namnesyster hennar på Austrått sjå t.d. Bjørkvik 2002a og 2002b.



## Lakunane i *Fagrskinna B*

Um det var so at både *Arnmæðlingatal* og sunnmørsættleggene upphavleg høyrde heime i *Fsk B*, må det vurderast koss dette høver med det me veit um lakunane i handskrifti. Det er ikkje gjort nokon skikkeleg rekonstruksjon av uppbyggingi av *Fsk B* fyrr. Finnur Jónsson gjorde ein freistnad í innleiðingi til utgåva sí (*Fsk FJ*, IV–V), der han plasserte lakunane innanfor ein hypotetisk leggstuktur í handskrifti som vist í tab. 2; lakunane í *Fsk B* er í Finnurs utgåva utfylte med tekst frá *Fsk A* (etter AM 303 4to). Finnur reknar med at kvart legg er samansett av 8 blad, som gjev 16 sidor, med undantak av 1. legg, der Finnur held at framsida hev vore blank (som ikkje er uvanlegt í norrøne handskrifter).

Finnur er litt uklár når det gjeld det 6. legget. Han viser til Árni Magnússon som meinte at det vanta berre eitt blad (som vel kunde svara til lakunen på s. 329<sup>22</sup>–333<sup>16</sup> attåt litt tekst som vantar í både A og B, sjá nedanfor), men skriv so: “der mangler nu imidlertid sikkert mere, nemlig hele 4 blade (∴ de 2 inderste bladpar; jfr. Arnes bemærkning i A (A2: ‘desunt multa’); hvad der er tilbage af B svarer netop til 2 blade, ∴ det 6. lægs sidste bladpar” (*Fsk FJ*, V). Med dette må han ha meint at det siste som er varveitt av B-tekst, s. 333<sup>17</sup>–347<sup>17</sup> í utgåva hans, svarar til 7. og 8. blad av 6. legg. Men so kjem Finnur med ein litt forvirrande fotnote: “Da forholdene ved det 5. læg ikke er ganske sikre, er det muligt at det er lægets 6. og 7. blad, der er bevaret, i så fald er 1. og 8. tabt, og altså de 2 inderste blade; dette passer nok så godt til indholdet” (*Fsk FJ*, V). Í so fall skulde det vera 2.–3. og 6.–7. blad som er varveitte av 6. legg.

Eg kann fylgja Finnur fram til og med det 5. legget, men det han skriv um 6. legg, høver ikkje so vèl med den yverleverte avskrifti í UB Oslo 371 fol., og det høver slett ikkje at lakunen í so ga um Sigurd Jorsalfare

Tab. 2. Legguppbygging og lakunar í *Fsk B* etter Finnur Jónsson (*Fsk FJ*).

Legg	Lakunar	Sidor í FJs utgåva
1. legg	Det inste bladparet (4. og 5. blad)	25 <sup>1</sup> –35 <sup>16</sup>
2. legg	Ingi	
3. legg	Det ytste bladparet (1. og 8. blad)	126 <sup>13</sup> –134 <sup>8</sup> , 186 <sup>12</sup> –193 <sup>11</sup>
4. legg	Ingi	
5. legg	Dei tvo inste bladpari (3.–6. blad) + evt. tilleggsblad med ættetal	279 <sup>11</sup> –302 <sup>6</sup> + 388 <sup>10–22</sup>
6. legg	Eitt blad etter Árni Magnússon; evt. so mange som fire (dei tvo inste bladpari, 3.–6. blad)	329 <sup>22</sup> –333 <sup>16</sup> + 347 <sup>19</sup> –
7. legg	Heile	–381 <sup>4</sup>

skal ha vore so mykje lengre enn Árni Magnússon rekna med (eitt blad), serleg ikkje med tanke på kor samantrengd framstillingi i nett den saga er i *Fsk* i høve til *Msk* (sjå Indrebø 1917, 216 ff.). Árni hadde dessutan sét handskrifti, men det hadde ikkje Finnur. Eg hev difor gjenge gjennom oppbyggingi å nyo og talt upp kor mange linor kvar bolc av både varveitt tekst og lakunar svarar til i Finnur Jónssons utgåva. Dette hev eg gjort for å få eit nokolunde objektivt mål på omfanget av teksti. Eg hev so korrigert dette linetalet for skaldestrofone, som i utgåva er prenta med eitt vers pr. lina, noko som ikkje kann ha vore tilfellet i originalen (det ser ein av halvstrofa um Valtjov jarl på fragmentet i NRA 51). I Finnurs utgåva hev linone med skaldevers jamt helvti so mykje tekst som prosaen ikring; eg hev difor halvert talet på linor med skaldevers (resulterer i talet “korrigerte” linor i tab. 3). So hev eg rekna ut gjennomsnitt linor i Finnurs utgåva pr. rekonstruerte blad i handskrifti. Resultatet av etterrøknaden min er oppsummert i tab. 3. Eg reknar som Finnur med at alle legg hev havt åtte blad.


Me ser at med den metoden som her er vald, vert det eit nokso likt tal linor pr. blad i *dei tilfelli der me hev B-teksti yverlevert* (gjennom UB Oslo 371 fol. og NRA 51). Her ligg talet på korrigerte linor pr. blad i Finnur Jónssons utgåva alltid ein stad millom 146 og 149, som regel 146–147 (tali i

Tab. 3. Rekonstruksjon av oppbyggingi av *Fsk* B i legg og blad, med lakunar.

Legg	Blad	FJs utg.	Linor i FJs utg.	Korrigerte linor pr. blad
1. legg	1.–3. blad (framsida av fyrste blad hev vore blank)	3–25 <sup>1</sup>	462,5, av deim 189 ll. poesi ( $\approx 94,5 + 273,5 = 368$ )	368/2,5 = 147
	Lakune: 4.–5. blad	25 <sup>1</sup> –35 <sup>16</sup>	287, av deim 55 ll. poesi ( $\approx 27,5 + 232 = 259,5$ )	259,5/2 = 130
	6.–8. blad	35 <sup>16</sup> –126 <sup>13</sup>	1871, av deim 519 ll. poesi ( $\approx 259,5 + 1352 = 1611,5$ )	1611,5/11 = 146,5
2. legg	1.–8. blad			
3. legg	Lakune: 1. blad	126 <sup>13</sup> –134 <sup>8</sup>	180, av deim 88 ll. poesi ( $\approx 44 + 92 = 136$ )	136
	2.–7. blad	134 <sup>8</sup> –186 <sup>12</sup>	1029, av deim 290 ll. poesi ( $\approx 145 + 739 = 884$ )	884/6 = 147
	Lakune: 8. blad	186 <sup>12</sup> –193 <sup>11</sup>	181, av deim 28 ll. poesi ( $\approx 14 + 153 = 167$ )	167

Legg	Blad	FJs utg.	Linor i FJs utg.	Korrigerte linor pr. blad
4. legg	1.–8. blad	193 <sup>11</sup> –279 <sup>10</sup>	1694, av deim 468 ll. poesi ( $\approx 234 + 1226 = 1460$ )	1460/10 = 146
5. legg	1.–2. blad			
	Lakune: 3.–6. blad	279 <sup>11</sup> –302 <sup>6</sup> + 388 <sup>10–22</sup>	633, av deim 108 ll. poesi ( $\approx 54 + 525 = 579$ )	579/4 = 145
	Lakune: 3.–5. blad	279 <sup>11</sup> –[296 <sup>11</sup> ]	470, av deim 80 ll. poesi ( $\approx 40 + 390 = 430$ )	430/3 = 143
	Fragment: 6. blad (NRA 51): framsida	[296 <sup>12</sup> ] 299 <sup>5</sup> –300 <sup>4</sup>	91, av deim 28 ll. poesi ( $\approx 14 + 63 = 77$ )	77
	Fragment: 6. blad (NRA 51): baksida	[300 <sup>5</sup> ] 302 <sup>1–6</sup> + 388 <sup>10–22</sup>	22+31+6+13 = 72 (inkje poesi)	72
	7. blad, slutten av Rein-ættetalet + <i>Arnmæðlingatal</i>	388 <sup>22</sup> –392 <sup>8</sup>	107 (inkje poesi)	107 (halvonnor sida)
	8. blad: framsida hev vore blank			
8. blad: baksida	302 <sup>8</sup> –329 <sup>22</sup>	549, av deim 68 ll. poesi ( $\approx 34 + 481 = 515$ )	515/3,5 = 147	
6. legg	1.–3. blad			
	Lakune: 4.–5. blad	329 <sup>22</sup> –333 <sup>16</sup>	105 + ca. 95 ll. i Msk, av deim 12 ll. poesi i Fsk ( $\approx 6 + 188 = 194$ )	194/2 = 97 (!)
	6.–7. blad	333 <sup>17</sup> –347 <sup>17</sup>	314, av deim 32 ll. poesi ( $\approx 16 + 282 = 298$ )	298/2 = 149
	Lakune: 8. blad	347 <sup>18</sup> –381 <sup>4</sup>	1012 (2 blad vantar i A)	1012/7 = 145
7. legg	Lakune: heile			

halvfeit i tabellen ovanfor). Det må segjast å vera eit sers godt resultat med den grove reknemåten som her er nytta, som baserer seg på ei moderne prenta tekst (*Fsk* FJ) som ikkje er heilt fri for emendasjonar. Eg hev då som Finnur gjenge ut frå at framsida av det fyrste bladet i 1. legg hev vore blank – elles vilde talet linor pr. blad vorte eit radt anna for dei tri fyrste bladi ( $368/3 = 123$ ), og det verkar ikkje rimelegt. Eg hev òg rekna med den same plasseringi av lakunane som Finnur til og med det 5. legget, men ikkje lenger. I lakunane ser me at det er mykje meir variabelt kor mange linor tekst i utgåva som svarar til eitt tapt blad i *Fsk* B: Her ymsar det frå



Ill. 6. Baksida av fragmentet av *Fagrskinna* B i NRA 51. Til vinstre ein marginalnotis av Jon Simonsson, “Biørn buck”.

so lite som 130 linor (4. og 5. blad i 1. legg) til 167 linor (8. blad i 3. legg). Det kjem sjølvsagt av at det her er A-tekst, som ikkje treng å ha vore so lik den tapte B-teksti. Likevel ligg *gjennomsnittet* av alle lakunane um lag likt med dei varveitte tekstbolkanane:  $(2153,5/15 =) 144$ . Då ser eg burt frå den problematiske lakunen i 6. legg (4. og 5. blad), der me ikkje hev heilsleg A-tekst å jamføra med (men jf. tab. 3 for eit estimat basert på *Msk*).

Dei mest interessante resultatane av denne etterrøknaden gjeld andre halvdel av 5. legg. Her byrja Finnur å verta usikker, men ein nøgnare analyse stadfester den opphavlege hypotesen hans um at det hev vore dei tvo inste bladpari (3.–6. blad) som hev vanta, og at “et af disse er det, hvoraf endnu haves et brudstykke” (*Fsk* FJ, IV), d.e. NRA 51.<sup>21</sup> Her kunde Finnur godt ha vore meir konkret, for det er heilt klårt at brotstykket kjem frå det siste bladet i lakunen (det 6.). Det kann ein sjå av at ein kann fylgja teksti frå enden av baksida på brotstykket (som er nedste delen av bladet) rett yver i Ásgeir Jónssons avskrift i UB Oslo 371 fol. Dei siste ordi i brotstykket er “þorer skinnfælldr hafðe átta elldriði. Þeirra”, og dei fyrste i avskrifti er “synir varo Kynaðr oc Þorgrimr klaufi” (fol. 78v; jf. *Fsk* FJ, 388<sup>21–23</sup>, der teksti er ihopsett). Fråstandet frå der teksti endar nedst på framsida av brotstykket (med slutten av halvstrofa um Valtjóv jarl; *Fsk* FJ, 300<sup>4</sup>) til ho endar nedst på baksida (midt inne i Rein-ættetalet), er på

<sup>21</sup> Dette høver dessutan heilt med merknaden at Árni Magnússon i AM 51 fol. på denne staden i Eyjólfur Björnssons avskrift (fol. 70r): “Abscissa sunt 4 folia quorum vestigia membrana offendit”, d.e. ‘burtskorne er fire blad; spor etter deim finst i membranen’.


72 linor i Finnurs utgåva (utfylt med A-tekst). Denne bolken hev ingi skaldestrofor, og når ein gongar 72 med 2, fær ein 144 linor utgåvetekst, som høver tolleg godt med “normalen” 146–149 nemnd ovanfor. Det er likevel trulegt at det hev vore litt meir tekst på framsida her, soleis at det 6. bladet (som alto brotstykket er nedre delen av) hev byrja med kap. 64, “Vm ættartal Ænglanz kononga”. Med korrigering for dei skaldestrofone som må ha funnest på framsida, vert det ihoplagt 149 linor Finnur-tekst på det 6. bladet, som òg er innanfor.

At brotstykket er plassert heilt i slutten av lakunen i 5. legg, hev den heilt avgjerande konsekvensen at det som fylgjer i avskrifti, resten av Rein-ættetalet og *Arnmæðlingatal*, er komplett yverlevert. Det ser ein av ei uppteljing av plassen desse tekstbolkaner tek upp i Finnur Jónssons utgåva: Frå Ásgeirs avskrift byrjar att, til slutten av *Arnmæðlingatal* er det berre 107 linor, som er um lag halvonnor sida (jf. at éi sida i fragmentet er på 72 linor FJ-tekst). *Arnmæðlingatal* må soleis ha enda berre eit stykke nedpå baksida av det 7. bladet, og resten av sida hev vore blank. Det stend inkje um dette i avskriftene av *Fsk B* (sjå ovanfor s. 93), men dei motsegjer det heller ikkje, for i deim òg er det open plass her. Finnur Jónsson rekna med ein lakune her: “i 5. læg har også det blad været, hvorpå de inskudte slægtregistre har stået, samt den table slutning af disse, men i så fald har dette læg bestået af mere end 8 blade” (mi framhevjing), jf. òg notemerknaden til s. 392<sup>s</sup>: “lakune B”. Her må Finnur ha mistydt, for fragmentet og legginndelingi elles gjer det heilt klårt at *Arnmæðlingatal* hev enda med opplysningi um at Ragna Erlingsdotter var gift med Bjarne Mordsson. Det er soleis ingen ting som vantar her, mot det som hev vore hevda (jf. Storm 1876, 89, og merknaden “lakune B” i *Fsk FJ*, 392).


I og med at det 1. og 2. bladet i det 5. legget må ha vore intakte då Ásgeir Jónsson og Eyjólfur Björnsson gjorde avskriftene sine, er det trulegt at både det 7. og 8. bladet hev vore det òg. På det 7. stod slutten av Rein-ættetalet og endeleg *Arnmæðlingatal*, men kva med det 8.? I avskrifti åt Ásgeir Jónsson fylgjer på neste sida (81r) den vanlege kongesogeteksti att, med opningsordi “Eftir fall Harallz konongs Sigurðar sunar taldi Sveinn Danakonngr ...” (s. 302<sup>s</sup> i FJs utgåva), og so fylgjer 27 ½ sida FJ-tekst fram til det kjem ein ny lakune, i saga um Sigurd Jorsalfare (s. 329<sup>22</sup> i FJs utgåva). Denne tekstbolken utgjer med den reknemåten som er vald her, med korrigering for skaldeversi, 515 linor i Finnurs utgåva. Med undantak av 1.–3. blad i det 1. legget, der ein må rekna med ei blank framsida, hev alle linetal fram til dessa gjenge upp med heile blad, men ikkje so her: 515/3 vert for høgt (172) og 515/4 vert noko for lågt (129) i høve til “normalen” på 146–149. Dersom me derimot deler med 3,5, vert

resultatet perfekt: 147 linor pr. blad. Med andre ord hev framsida av det 8. bladet i det 5. legget vore blank. Det finst parallellar til at sidor i pergamenthandskrifter vert verande uskrivne; eit døme er fol. 55r av Codex Frisianus (AM 45 fol.), sjå ill. 7 (jf. *Codex Frisianus*, iv; Males 2020, 259). Det same må ha vore tilfellet i *Fsk B* med framsida av det 8. bladet i det 5. legget; det er i alle fall den einaste måten å få det til å ganga upp med det som fylgjer etter, og med ein rasjonell rekonstruksjon av det 6. legget. Her hev med andre ord skrivaren late slutten av den eine sida (baksida av det 7. bladet) og heile den neste (framsida av det 8. bladet) vera blanke fyre han heldt fram med den eigenlege kongesogeteksti på sida etter (baksida av det 8. bladet), i eit nytt uppslag i handskrifti, nett som i Codex Frisianus, sjå ill. 7 og 8. Venteleg heng det saman med at *Arnmæðlingatal* er ein reell interpolasjon i *Fsk B*, og at skrivaren vilde setja av plass til ættetalet på denne plassen i handskrifti og attåt leiva endå litt plass til tilsvarande tekster; ein dilik motivasjon kann finnast for tilfellet i Codex Frisianus (sjå Males 2020, 259).

Det er her sunnmørsættleggene kjem inn: Truleg var det meiningi at dei òg skulde førast inn på den opne plassen her, men so kom skrivaren fram til at det ikkje var plass åt deim, eller at han like gjerne kunde skøyta inn eit blad som dei alt var skrivne på, som so vart sytt inn i handskrifti. Det vart truleg ikkje plassert her i det 5. legget, for det høver ikkje med dei fire



Ill. 7. Codex Frisianus (AM 45 fol.), fol. 54v–55r, slutten av saga um Harald Hardråde. Det er sett av plass til nye tætter på slutten av saga.



Ill. 8. Codex Frisianus (AM 45 fol.), fol. 55v–56r, byrjngi av saga um Olav Kyrrre (med den store O-initialen uppe til vinstre).

bladi som Árni Magnússon ság spor etter i handskrifti (sjå ovanfor), som svarar til 3.–6. blad i 5. legg. Bladet med sunnmørsættleggene må likevel ha falle ut eller vorte teke ut or handskrifti på um lag same tid som dei andre bladi som hamna på vidvanke i Bergen, ein gong millom Høyers daude i 1615/16 og sendingi til København i 1619; det var jo på plass då Høyer nytta handskrifti til tavlane i AM 22 fol. Det er lite trulegt at Høyer sjølv skulde ha teke det ut. Kann henda var det einkvan med sterk genealogisk interessa som forsynte seg med denne “godbiten”.

I det 6. legget må bladparet i midten, det 4. og 5. bladet, ha vanta. Árni Magnússon meinte at det vanta berre eitt blad her, medan Finnur Jónsson hevda at det måtte vera so mange som fire ut ifrå den same Árnis merknad i *Fsk* A (AM 301 4to) um at “desunt multa” på denne staden i A. Men det Finnur ság burt frå, var at lakunen i A femner òg um tekst som stend i B, og at ein ikkje utan vidare kann slutta frå A til B her; lakunane er på litt ulike stader. Dersom ein jamfører med det trulege fyrelegget for *Fsk* i dette stykket, *Msk*, vil ein sjå at i lakunen frå der A-teksti tryt, til B-teksti tek til på nytt på s. 333 i Finnurs utgåva, hev *Msk* tekst på ca. 95 linor i Finnur Jónssons *Msk*-utgåva (s. 349<sup>33</sup>–352<sup>31</sup>). Ihopløgt med A-teksti i *Fsk* FJ, 329<sup>22</sup>–333<sup>16</sup>, vert dette berre um lag 200 linor Finnur-tekst, som rett nok er meir enn det eine bladet Árni Magnússon rekna med, men ikkje i nærleiken av dei fire bladi som Finnur Jónsson meinte vanta. Etter alt

å døma hev *Fsk* B her vanta tvo blad, som då hev vore det mest utsette bladparet i midten, 4. og 5. bladet. Me må då rekna med at *Fsk* hev havt litt meir tekst på denne staden enn *Msk*, som ikkje er det vanlege, men som kann hanga saman med dei mange andre umdisponeringane av stoff um Sigurds jorsalferd i *Fsk* i høve til *Msk* (for dette sjå Indrebø 1917, 216–21, og serskilt Jakobsen 1968).

Når 1.–3. bladet i det 6. legget var varveitte, skulde ein tru at det same galdt 6.–8. bladet, etter di desse heng i hop i falsen, men det synest berre å ha golde det 6. og 7.; her må ein atter setja sin lit til lineteljingsmetoden, som gjev godt resultat for desse tvo bladi: 149 linor pr. blad. Det 8. bladet ser difor ut til å ha vanta, i lag med heile det 7. legget, slik Finnur Jónsson òg gjekk ut frå. Han skriv at “[d]en tabte slutning i B svarer til godt og vel ét læg (det 7.)”, og hev rett i det: Mi uppteljing på grunnlag av A-tekst i Finnurs utgåva gjev eit snittal på 145 linor pr. blad, um ein tek omsyn til at det er ein lakune i A (s. 358 i FJs utgåva) som Árni Magnússon heldt for å vera på tvo blad (“desunt 2 folia”), og reknar inn det 8. bladet frå det 6. legget. Dette er so godt samsvar som ein kann vona på med den metoden som er nytta her, og peikar dessutan på at avviki millom A- og B-teksti vart færre mot slutten av verket (jf. det som tidlegare er sagt um avvikande linelengd der B hev lakunar, og tab. 3).

## Konklusjon

Konklusjonen på denne kodikologiske etterrøknaden vert at *Fsk* B opphavleg hev vore på 7 heile legg à 8 blad, som gjev 56 blad ihoplagt, noko færre enn det Finnur Jónsson rekna med (“57–60 blade”). Attåt hev handskrifti truleg havt eit einskilt umframt blad som sunnmørsættleggene hev vore skrivne på. Høyers avskrift av desse hev venteleg ikkje vore fullstendig og inneheld nokre mistydingar, men um me – litt grovt – tek utgangspunkt i Storms rekonstruksjon av den gamalnorske teksti som han meinte ættleggene måtte svara til, er det i alle høve god plass på eitt blad: Storms rekonstruerte tekst fyller i alt 62 linor i publikasjonen frå 1876. Teksti her er munaleg breidare og meir ihoptrengd enn i Finnur Jónssons *Fsk*-utgåva: Linone i *Fsk* FJ er uppbygde av i snitt 50 teikn pr. lina, medan linone i Storms skrift fyller um lag 65 teikn pr. lina, med andre ord 30 prosent meir tekst. Um me korrigerer for dette, vert Storms tekst tilsvarande vèl 80 linor FJ-tekst, med andre ord munaleg mindre enn eitt blad. Kor som er, er det klårt at Høyers attgjeving i tavleform berre kann



representera eit minimum av den informasjonen som hev stade i den originale handskrifti, og tilsvarande vert det då i Storms rekonstruksjon, og det kann godt vera at det hev funnest parti som hev vore vande å lesa og som Høyer hev hoppa yver. I so fall kann det tenkjast at sunnmørsættleggene hev fylt nokolunde det bladet dei var skrivne på. Det vil i so fall tyda ut at dei ikkje vart skrivne inn i sjølve handskrifti; der var det sett av halvonnor sida – venteleg just litt for lite til at skrivaren gav seg til å skriva inn ættleggene der. Fyre den blanke plassen hev *Arnmæðlingatal* stade, og eg kann soleis avvisa alle spekulasjonar um at noko er tapt på slutten av det ættetalet. Det vil føra for langt i denne samanhengen å gjera ein detaljert rekonstruksjon av sunnmørsættleggene, men etter analysen ovanfor synest det nokso sikkert at dei hev høyrte heime i *Fsk B* på den måten som her er skissert, og at dei hev havt til funksjon å dokumentera eigedomsinteressor knytte til kvende som hev vore gifte inn i Giske-ætti. Um eg hev rett i framstillingi ovanfor, var desse kvendi mor eller farmor og kona åt Nikolas Petersson i Giske (d. 1264), og det var då Nikolas som lét skriva *Fsk B*, truleg ein gong kring 1260.

## Litteratur

- AB* = *Aslak Bolts jordebok*. Utg. Jon Gunnar Jørgensen. Oslo: Riksarkivet, 1997.
- Bjørkvik, Halvard. 2002a. Ingerd Erlendsdotter. *Norsk biografisk leksikon*, 2. utg., red. Jon Gunnar Arntzen, bd. 5, 29. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Bjørkvik, Halvard. 2002b. Ingerd Ottersdotter (Rømer), “Fru Ingerd til Austrått”. *Norsk biografisk leksikon*, 2. utg., red. Jon Gunnar Arntzen, bd. 5, 29–30. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- BK* = *Bergens Kalvskinn*. Utg. Ole-Jørgen Johannessen. (Kildeutgivelser fra Riksarkivet 3.) Oslo: Riksarkivet, 2016.
- Codex Frisianus. En Samling af norske Konge-Sagaer*. Utg. C. R. Unger. Christiania: P. T. Mallings Forlagsboghandel, 1871.
- DN* = *Diplomatarium Norvegicum*. I–. Christiania/Oslo, 1847–.
- Fsk FJ* = *Fagrskinna. Nóregs kononga tal*. Utg. Finnur Jónsson. (STUAGNL XXX.) København: S. L. Møllers Bogtrykkeri, 1902–03.
- Fsk 1847* = *Fagrskinna. Kortfattet norsk Konge-Saga fra Slutningen af det tolfte eller Begyndelsen af det trettende Aarhundrede*. Udgivet efter Foranstaltning af det akademiske Collegium ved det kongelige norske Frederiks-Universitet af P. A. Munch og C. R. Unger. Christiania: Trykt hos P. T. Mallings, 1847.
- Gidske, Karl. 1913. *Søndmør i ældre tid*. Kristiania: Olaf Norlis forlag.
- Hagland, Jan Ragnar. 1980. *Fagrskinna B og Arnmødlingatal*. Jakobsen og Hagland (red.) 1980, 131–159.

- Hákonar saga* = *Hákonar saga Hákonarsonar etter Stb.* 8 fol., AM 325 VIII, 4o og AM 304, 4°. Utg. for Kjeldeskriftfondet ved Marina Mundt. (Norrøne tekster 2.) Oslo: Forlagsentralen, 1977.
- IA = *Islandske Annaler indtil 1578*. Udgivne for det norske historiske Kildeskriftfond ved Dr. Gustav Storm. Christiania: Grøndahl & Søns Bogtrykkeri.
- ÍF II = *Egils saga Skalla-Grímssonar*, utg. Sigurður Nordal. (Íslenzk fornrit II.) Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag, 1933.
- ÍF XXIX = *Ágrip af Nóregskonunga sögum. Fagrskinna – Nóregs konunga tal*, utg. Bjarni Einarsson. (Íslenzk fornrit XXIX.) Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag, 1985.
- Indrebø, Gustav. 1917. *Fagrskinna*. (Avhandlingar fra Universitetets historiske seminar 4.) Kristiania: Grøndahl & søns boktrykkeri.
- Jakobsen, Alfred. 1968. Om forholdet mellom Fagrskinna og Morkinskinna. *Maal og Minne* 1968, 47–58. (Prenta upp att i Jakobsen og Hagland (red.) 1980, 47–58.)
- Jakobsen, Alfred. 1970a. Om Fagrskinna-forfatteren. *Arkiv för nordisk filologi* 85, 88–124. (Prenta upp att i Jakobsen og Hagland (red.) 1980, 9–45.)
- Jakobsen, Alfred. 1970b. Noen merknader om håndskriftene AM 51, fol. og AM 302, 4to. *Opuscula* 4, 159–168. (Bibliotheca arnamagnæana XXX.) (Prenta upp att i Jakobsen og Hagland (red.) 1980, 59–67.)
- Jakobsen, Alfred. 1971. Litt om forelegget til Fagrskinna's A-resensjon. *Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking. Heidersskrift til Olav T. Beito*, red. Hallvard Magerøy og Kjell Venås, 154–171. Oslo – Bergen – Tromsø: Universitetsforlaget. (Prenta upp att i Jakobsen og Hagland (red.) 1980, 87–104.)
- Jakobsen, Alfred og Jan Ragnar Hagland (red.) 1980. *Fagrskinna-studier*. Trondheim: Tapir.
- Jb 1661 Ndm = *Landkommisjonen 1661. Jordebok for Nordmøre futedøme*. (Skrifter utgjevne av Samnemnda for lokalhistorisk gransking i Nidaros bispedøme 4.) Trondheim: F. Bruns Bokhandels forlag, 1971.
- Jørgensen, Jon Gunnar. 1993. Sagaoversettelser i Norge på 1500-tallet. *Collegium Medievale* 6 (2), 169–198.
- Kvalsund, Ola. 1957. Sagntida og den første historiske tida. *Borgund og Giske*, bd. 1, utg. Borgund og Giske bygdeboknemnd, 145–352. Bergen: Boktrykk.
- Kålund, Kr[istian]. 1900. *Katalog over de oldnorsk-islandske håndskrifter i det store kongelige bibliotek og i universitetsbiblioteket (udenfor den Arnemagnæanske samling) samt den Arnemagnæanske samlings tilvækst 1894–99*. København: Gyldendal.
- Larsen, Stein Ugelvik og Jarle Sulebust (red.). 1994. *I balansepunktet. Sunnmøres eldste historie*. Ålesund: Sunnmørsposten Forlag.
- Leistad, Geirr I. 1997. Nesøya og Nesøygodsets eiere i middelalderen og tidlig nytid. *Asker og Bærum historielags skrift* 37, 311–346.
- Males, Mikael. 2020. *The Poetic Genesis of Old Icelandic Literature*. (Ergänzungs-bände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde 113.) Berlin – Boston: de Gruyter.

- MLag 1835 = Sögubrot Magnúss konúngs Hákonarsonar. *Fornmanna sögur*, eptir gömlum handritum útgefnar að tilllutun hins konúngliga norræna fornfræða félags, bd. 10, 155–163. Kaupmannahöfn, 1835.
- MLag 1979 = Soga om Magnus Lagabøte. Umsett av Hallvard Magerøy. *Noregs kongesoger*, bd. 4, 347–366. Oslo: Det Norske Samlaget, 1979.
- Msk FJ = *Morkinskinna*. Utg. Finnur Jónsson. (STUAGNL LIII.) København: J. Jørgensen & Co, 1932.
- Munch, P. A. 1839. Nogle ældgamle, hidtil ubekjendte, norske Slægt-Registre. *Samlinger til det norske Folks Sprog og Historie* 6, 186–194. Christiania.
- Munch, P. A. 1855. *Det norske Folks Historie*. Anden Deel. Christiania: Chr. Tønsbergs Forlag.
- Myrvoll, Klaus Johan. 2021. Då Vinje fekk nok av storbøndene. *Tvisyn, innsyn, utsyn. Nærblikk på A.O. Vinje*, red. Arnfinn Åslund *et al.*, 141–170. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Myrvoll, Klaus Johan. 2023. Skule jarl, Snorre og den historiske bakgrunnen åt *Fagrskinna*. *Maal og Minne* 1/2023, 79–131.
- NG = Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne*. I–XIX. Kristiania/Oslo 1897–1936.
- Nicolaysen, N[icolay]. 1863. Nogle gamle norske ætlæg. *Foreningen til norske Fortidsmindesmerkers Bevaring. Aarsberetning for 1862*, 6–15. Kristiania: Carl C. Werner & Komp's Bogtrykkeri.
- NKJ II = *Norske kyrkjelege jordebøker etter reformasjonen*. Bd. II: *Trondhjems reformats 1589*. Oslo domkapittels jordebok 1595. Utg. for Kjeldeskriftfondet ved Anne-Marit Hamre. Oslo: Norsk historisk kjeldeskrift-institutt, 1983.
- NKJ III = *Norske kyrkjelege jordebøker etter reformasjonen*. Bd. III: *Jordebok for Bergen bispedømme ca. 1600, med jordebok for hospitalet i Bergen ca. 1617–21*. Utg. av Riksarkivet ved Ole-Jørgen Johannessen. Oslo: Riksarkivet, 2000.
- NLR VI = *Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567*. Bd. VI: *Rekneskapsbøker for Trondheims len 1548–1549 og 1557–1559*. Utg. av Riksarkivet. Oslo: Jacob Dybwad.
- NRR II = *Norske Rigs-Registranter*. Bd. 2: *1572–1588*. Utg. av Det Norske Hist. Kildeskrift-Fond ved Siegw. Pedersen og Otto Gr. Lundh. Christiania: Brøgger & Christie's Bogtrykkeri, 1863.
- OEJ = *Olav Engelbrektssøns jordebog*. Udgivet af Norges Rigsarkiv ved Chr. Brinchmann og Johan Agerholt. Oslo: Nationaltrykkeriet, 1926.
- Páll Eggert Ólason. 1948. *Íslenzkar æviskrár. Frá landnámstímum til ársloka 1940*. Bd. 1. Reykjavík: Hið íslenzka bókmenntafélag.
- Rogne, M[artinus]. 1928. *Sunnmørsfylket i framfarne tider*. I. del. Aalesund: "Sunnmørsposten"s prenteverk.
- Sandberg, Per Øivind. (utg.) 1986. *Gørvel Fadersdatters regnskap over Giske og Giskegodset 1563*. Utg. for Kjeldeskriftfondet. Oslo: Norsk Historisk Kjelde-skrift-Institutt.
- SkM 1647 MoR = *Skattematrikkelen 1647*. XIII. *Møre og Romsdal*. Red. Rolf Fladby og Steinar Imsen. Oslo – Bergen – Tromsø: Universitetsforlaget, 1975.
- SkM 1647 Oppl = *Skattematrikkelen 1647*. IV. *Oppland fylke*. Red. Rolf Fladby og Hans Try. Oslo – Bergen – Tromsø: Universitetsforlaget, 1970.
- SkM 1647 SoF = *Skattematrikkelen 1647*. XII. *Sogn og Fjordane*. Red. Rolf Fladby og Liv Marthinsen. Oslo – Bergen – Tromsø: Universitetsforlaget, 1977.

- SkP* = *Skaldic Poetry of the Scandinavian Middle Ages*. Bd. I-. Red. Margaret Clunies Ross *et al.* Turnhout: Brepols, 2007-.
- Steinnes, Asgaut. 1968. Om dei to eldste norske drikkehorni i Danmarks Nationalmuseum. *Norsk slektshistorisk tidsskrift* 21 (3), 201–244.
- Steinnes, Asgaut. 1971. Ein våpenskjold og eit ætteproblem. *Norsk slektshistorisk tidsskrift* 23 (1), 1–41.
- Storm, Gustav. 1876. Om Indskuddene i “Fagrskinna”. *Forhandlinger i Videnskabs-Selskabet i Christiania Aar 1875*, 81–108. Christiania: Jac. Dybwad.
- Storm, Gustav. 1885. Biskop Isleifs Krønike. *Arkiv för nordisk filologi* 2, 319–338.
- Storm, Gustav (utg.). 1895. *Historisk-topografiske Skrifter om Norge og norske Landsdele forfattede i Norge i det 16de Aarhundrede*. Udgivne for det norske historiske Kildeskriftfond ved Dr. Gustav Storm. Christiania: A. W. Brøgger's Bogtrykkeri.
- Sverris saga* = *Sverris saga etter Cod. AM 327 4o*. Utgjevi av Den Norske Historiske Kildeskriftkommission ved Gustav Indrebø. Kristiania: Jacob Dybwad, 1920.
- Tafjord, Leonhard. [1966]. *Norddal bygdebøker*. Bd. 2: *Hus og heim – gard og grend*. Utg. av Norddal sogenemnd. Ålesund: Sunnmørspostens trykkeri.
- Ugulen, Jo Rune. 2006. “... alle the knaber ther inde och sædeschwenne ...”. *Ei undersøking i den sosiale samansetjinga av den jordeigande eliten på Vestlandet i mellomalderen*. Avhandling for graden ph.d., Universitetet i Bergen.
- Weidling, Tor. 1998. *Adelsøkonomi i Norge fra reformasjonstiden og fram mot 1660*. (Acta Humaniora nr. 43.) Oslo: Universitetsforlaget.
- Weidling, Tor. 2003. Kven åtte jorda? En vurdering av resultater og metode i studier over jordeiendomsforhold i middelalder og tidlig nytid. *Historisk tidsskrift* 82, 349–79.
- Aaland, Jacob. 1932. *Nordfjord fraa gamle dagar til no*. II. *Dei einskilde bygder*. Del 3. *Innvik-Stryn*. Bd. 2. *Gards- og Ættesoga*. Sandane: R. Søreides Prenteverk.